




Driftevegen gjennom Sogn og Fjordane

Prosjektrapport 2003

Gamle Ferdelsesvegar og
Tilrettelegging for Friluftsliv



Fehandlaren lokkar paa drifti si.

Olav Sande, Segner frå Sogn.

*Søta sudla mi, du,
du æ mori mi, du,
du æ dokka mi, du,
du æ mori mi, du.
Du æ meir elde go;
du mjølka kannedn tvo.
Aldri spenne du ne,
du mjølka kannedn tre.*

*Vil du vera mæ me'
te aa jaga dei ne;
eg ska læra deg te
te aa handla pao fe,
vil du vera mæ' me'
te aa jaga dei ne
ne te Maristuga e'.*

Til budeia:

*Søta sudla mi dao, -
kasta gryta uppi krao,
legg so tomme koppen pao,
lat 'kje husbonden sjao,
kormykje mjolk mé faor
i vi(d)jarosi vaor.
Søta mi, sudla mi, sudla mi dao.*



(Foto: Fylkesarkivet)

FØREORD

Gamle vegar og stiar er eit godt utgangspunkt for friluftsliv. Der slike finst, kan desse nyttast framfor å opparbeide nye turstiar/vegar. Dette synspunktet vart framheva alt i den første fylkesdelplanen for friluftsliv som fylkeskommunen utarbeidde. På bakgrunn av denne vart prosjektet "Gamle ferdslevegane og friluftsliv" teke inn i handlingsprogrammet for fylkesplanen 1997 – 2001, og ført vidare i fylkesplanen 2001- 2004.

Gjennom prosjektet "Gamle ferdslevegane og friluftsliv" har vi valt å konsentrere oss om dei gamle driftevegane i fylket.

Prosjektet er gjennomført i samarbeid med fleire instansar. I styringsgruppa for prosjektet har desse delteke:

- Sogn og Fjordane Bondelag
- Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag
- Sogn og Fjordane Turlag
- Fylkesmannen, miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, regionalavdelinga og kulturavdelinga.


Prosjekteigar har vore Sogn og Fjordane fylkeskommune. Linda Vibeke Holstad har vore tilsett som prosjektleiar, og har gjort ein framifrå jobb med å finne fram til dei gamle driftevegane, motivere folk til å gjere seg kjende med desse, og få kommunane til å sjå verdien i å leggje vegane til rette for aktivt friluftsliv.

Driftevegane er viktige kulturminne som er med på å gi oss meir kunnskap og større forståing om arbeidsliv og samferdsle i tidlegare tider.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vonar rapporten frå prosjektet vil vere til nytte for alle som er opptekne av gamle gamleferdslevegane; den historia dei representerer, og kva ressursar dei kan vere for framtidig tilrettelegging for friluftsliv i fylket.

Takk til alle som så langt har engasjert seg i arbeidet med å gjere vegane kjende.

Lukke til med vidare arbeid med tilrettelegging, aktivitet og kulturformidling!



Lidvin M. Osland
fylkesdirektør

INNHALD.

DEL I	s. 1
PROSJEKT GAMLE FERDSLSVEGAR OG TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV	s. 2
Innleiing	s. 2
Kva var driftehandel	s. 3
Målsetjinga med prosjektet	s. 3
Avgrensingar i prosjektet	s. 4
Utfordringar i prosjektet	s. 4
Arbeidsmetodar	s. 5
Problem	s. 6
Kostnader med prosjektet	s. 8
Framtidig aktivitet på og langs Driftevegen	s. 8
Dokumentasjon før, under og etter arbeidet	s. 10
Marknadsføring	s. 10
Vegen vidare. Kva kan kommunane gjera?	s. 11
DEL II	s. 13
UTDRAG FRÅ HISTORIA KRING DRIFTEHANDELEN	
Fekarvisa	s. 14
Historisk om driftehandelen	t. 15
Kvifor driftehandel?	s. 15
Hovuddriftevegar gjennom fylket	s. 15
Båttransport over Sognefjorden	s. 17
Tilslutningsvegar	s. 18
Driftevegane – meir enn transport av fe	s. 19
Kven var driftekarane?	s. 19
Driftehandel og skreppehandel hang i hop	s. 20
Tre driftekarar – viktige kjelder	s. 23
Erik Fønsteli	s. 23
Driftehandler Rasmus Hole	s. 25
Henrik Nitter Røneid	s. 27
Produksjon av dyr	s. 29
Omfang	s. 29
Organisering av driftene	s. 30
Fagmannen	s. 30
Velfylt hestehandlarpong	s. 31
Prisane	s. 33
Økonomi	s. 34
Maten	s. 36
Kva hadde dei på seg?	s. 37
Røvarar	s. 38
Overtru	s. 39
Farlege rovdyr og lure knep	s. 40
Sommarbeita	s. 42
Mot salsområda	s. 43
Konflikt med fastbuande	s. 45
Marknadsplassen	s. 46
Folkeliv på marknadsplassen	s. 49
Ny tid – nye vegar	s. 51

DEL III

DRIFTEVEGEN GJENNOM DEN EINSKILDE KOMMUNE

Innhald	s. 54
Sunnmøre	s. 55
Eid kommune	s. 67
Selje og Vågsøy kommune	s. 89
Stryn kommune	s. 99
Stryn kommune. (Skjåk kommune, Oppland)	s. 119
Luster kommune. Stryn kommune	s. 133
Gloppen kommune	s. 157
Gloppen kommune. Stryn kommune	s. 169
Gloppen kommune. Jølster kommune	s. 171
Jølster kommune. Stryn kommune	s. 179
Jølster kommune	s. 183
Førde kommune. Jølster kommune	s. 187
Førde kommune. Gaular kommune	s. 203
Førde kommune. Gaular kommune	s. 209
Balestrand kommune	s. 223
Vik kommune. (Voss kommune, Hordaland)	s. 237
Luster kommune	s. 269
Årdal kommune	s. 281
Lærdal kommune	s. 295
Aurland kommune	s. 313

DEL IV

HJELPEMIDDEL I DET PRAKTISKE ARBEIDET

Midlar ein kan søkja	s. 330
Døme på gjennomføring av praktisk arbeid	s. 333
Frå Gloppen kommune	s. 333
Frå Vik kommune	s. 334
Praktisk arbeid, tilrettelegging og merking	s. 335
Utdrag frå profilhandbok for kulturminneskilt i Sogn og Fjordane	s. 349
Lovverket om merking av turruter	s. 350
Oversikt over lover som er viktig med omsyn til turruter	s. 354
Litteratur om driftehandel	s. 355

Del I

PROSJEKT
GAMLE FERDSELSVEGAR
OG
TILRETTELEGGING
FOR
FRILUFTSLIV



Innleiing

Gamle vegar og stiar er eit godt utgangspunkt for friluftsliv, og der dei finst, bør desse nyttast framfor å opparbeida nye turstiar/vegar. Dette vart understreka i den første fylkesdelplan for friluftsliv, med tittelen "Handling mot år 2000". Med bakgrunn i dette vart prosjektet *Gamle ferdslsvegar og friluftsliv* teken inn i fylkesplanen 1997-2001 sitt handlingsprogram, og ført vidare i gjeldande fylkesplan. Ein har valt å konsentrera seg om driftevegane gjennom fylket. Utfordringa vidare blir no for kommunane å prioritera nødvendig tilrettelegging av desse i t.d. kommunedelplan for idrett og friluftsliv, med tanke på å utløysa tilskotsmidlar (spelemidlar m.m.). I fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2002-2005 er det signalisert at merking og tilrettelegging av dei gamle ferdslsvegane gjennom fylket vil bli prioritert når det gjeld tildeling av tilskotsmidlar.

Temaet *gamle ferdslsvegar* er på ingen måte ferdig. Det er mange gamle, lokale stiar og vegar som det er viktig blir registrerte og oppretthaldne som turstiar/vegar. Eit døme er stølsstiane til fjells, der utfordringa er å sikra eit utval av desse mot nedbygging. Også her vil kommunane vera sentrale, i nært samarbeid med grunneigarar og lag/organisasasjonar.

Sogn og fjordane fylkeskommune realiserte prosjektet *Gamle ferdslsvegar og tilrettelegging for friluftsliv* i januar 2000. Det stogga mellombels opp etter nokre månader då prosjektleiaren gjekk over i ny stilling. 01.01.01 vart prosjektet starta opp att med prosjektleiar, Linda Vibeke Holstad, i 50% stilling over to år. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen si landbruksavdeling, Fylkesmannen si miljøavdeling, Fylkeskommunen si planavdeling og Fylkeskulturavdelinga.

Dei gamle driftevegane gjennom fylket vart plukka ut som satsingsområde allereie i januar 2001 - eldgamle ferdslsvegar som vart nytta som driftevegar fram til ca. 1900.



6. juli 2002 vart Fjellet sitt år markert av bygdelaga i Oppstryn og Jostedalen. Då gjekk 36 personar i driftekarane sine fotspor over Jostedalsbreen, frå Vetledalsetra kl. 7.00 om morgonen. Erdalsbreen er passert og taulaga har nett brote opp frå ein kvil på Brehøgda og er på veg mot Lodalsbreen. Biletet er teke frå Lodalsbrekka og til høgre ligg Lodalskåpa med øvste toppen inntulla i ei sky. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Kva var driftehandel?

Vestlandet har frå gammalt av vore kjent for å avla fram gode arbeidshestar og framifrå slaktedyr. Tidleg på ettervinteren kom det heste- og krøtterhandlarar frå Hol, Numedal, Aurland, Feios og andre plassar, nordover i fylket for å tinga dei beste dyra. Heilt til Sunnmøre gjekk dei for å handla. Når dei hadde tinga seg ferdige og vende nasen mot sør-aust, var det fram med den velfylte hestehandlarpungen og gjera opp for seg. Dei betalte alltid kontant, så det var mykje pengar dei bar på.

Frå Sunnmøre dreiv dei dyra til Nordfjordeid, via Lote og Anda til Sandane og Byrkjelo, gjennom Våtedalen til Klakegg og Skei, over Kjøsnesfjorden, over fjellet til Haukedalen og Frøysland. Til fjells att bar det, via Mjell, gjennom Sværaskardet og ned til Sværen i Sværefjorden. Over Sognefjorden nytta dei seg av vindtilhøva slik at dei fekk god bøl begge vegar. Driftene skulle anten til Vik, Aurland/Flåm eller Lærdal. Det var ikkje alltid det var høvelege forhold for å lasta og lossa dyra. I Vik, til dømes, vippa dei berre dyra utfor ripa med ein stakk, så måtte dyra komma seg i land sjølve.

Driftene tok og andre ruter gjennom fylket. Ver, føre, slektskap og målet for reisa var med på å bestemma vegvalet. Nokre tok vegen over Jostedalsbreen, ned Lodalskåpa til Fåbergstølen. Derifrå dreiv dei dyra sørover til Skjolden eller til Marifjøra der det bar med båt til Årdal, Lærdal, Aurlandsvangen eller Flåm. Ei anna rute gjekk frå Stryn og rett aust mot Ottdalføret. Undervegs kom det meir fe til og noko selde dei på marknadene dei passerte. Målet for driftekarane var å få krøtter og sterke arbeidshestar fram til dei store marknadene på Austlandet. Nokre tok vegen vidare mot Aurlandsfjella og Hol, mens andre sette kursen mot Nordmannslepa og Hardangervidda. På fjellbeita feita dei dyra opp heile sommaren før dei vende nasen mot til dømes Kongsberg med gruve drift og stor trong for gode arbeidshestar, mjølk og kjøt.

Å vera driftekar kunne vera eit hardt liv. Det er skrive ned soger om hendingar der både driftekarar og dyr fraus i hel undervegs. Det var ikkje ufarleg med omsyn til røvarar heller. Både dyra og hestehandlarpungen var freistande, og nokre gonger gjekk det heilt gale. Ein vossing vart drepen på heimveg etter å ha kjempa mot eit fantefylgje på fem. Den vinteren vart det svelt i hel for familien heime. Andre drakk og spelte bort fortene, men med dei fleste gjekk det bra. Driftekarane hadde og dei underjordiske å vara seg for. Nei, livet var ikkje enkelt for desse karane, men likevel kom dei att år etter år for å handla. Det var nok og eit spanande og fritt liv med fine naturopplevingar. Driftehandelen tok slutt kring 1900 då jernbana og fylkesbåtane tok over transporten.

Målsetjinga med prosjektet

Driftehandel og friluftsliv – idégrunnlag for prosjektet

Interessa for å ta i bruk gamle ferdselsvegane i friluftssamanheng er stadig aukande. Døme på gamle ferdselsvegane som er vorte interessante i friluftssamanheng er Den Trondhjemske Postvei og Rallarvegen. Ved tilrettelegging av desse vegane, har det vore lagt opp til ein presentasjon av vegane ut frå ei kulturhistorisk vinkling. Ein har vidare lagt opp til aktiv bruk av vegane i friluftssamanheng. Driftevegen gjennom fylket vårt har stort potensiale for ei liknande tilnærming. Turterrenget er unikt, kanskje noko av det finaste fylket vårt kan by på. Historia om driftehandelen er ein viktig del av vår historie. Den fortel om handel med kveg mellom aust og vest, men og om korleis kommunikasjonane mellom bygdesamfunna fungerte, før køyrevegane, jernbana og dampbåtane for alvor tok over samferdsla.

Av frykt for at kunnskapen om den gamle driftehandelen, både om kvar den gjekk, korleis den var organisert og om einskildmenneska som dreiv handelen, var i ferd med å forsvinne, vart eit viktig mål å få festa dette til papiret.

Målsetjinga med prosjektet var difor dels å laga eit kulturhistorisk dokument over den gamle driftehandelen, dels at prosjektet på sikt skulle fungera som ei inspirasjonskjelde til å oppleve strekningar av vegen i friluftssamanheng. Hovudmålet var altså å vekke interessa på begge felta. Aktiv bruk av vegen gjennom fine naturopplevingar er truleg beste måten ein kan ta vare på kulturhistoria på. Framleis kan eldre folk fortelja om driftehandelen. Det er viktig at denne kunnskapen ikkje forsvinn. Eit delmål med prosjektet vart difor å kartfesta kvar vegane gjekk og å skrive ned dei historiene som knytte seg til driftehandelen. Eit anna var å gjera vegane attraktive og tilgjengelege for turgåarar. Dette krev ein del praktisk arbeid med omsyn til tryggleik og informasjon.

Avgrensingar i prosjektet

Prosjektomgrepet *Gamle ferdselsvegar* femner over det meste ein kan finna av stiar og vegar i landskapet vårt. Med ei ramme på 1 årsverk på prosjektet vart det naudsynt med ei klår avgrensing av kva for ferdselsvegar ein skulle konsentrera seg om. Tidleg i prosjektet vart dei gamle driftevegane gjennom Sogn og Fjordane valt som satsingsområde. Fylket er stort og driftevegane mange. Det vart difor naudsynt å avgrensa prosjektet til å gjelda hovud-driftevegane gjennom fylket. Tilførselsvegane vart å ta med berre i mindre omfang der stoffet var lett tilgjengeleg.

Hovud-driftevegane kan ein beskriva slik:

- a) Nordfjordeid, Sandane, Breim, Våtedalen, Skei, Haukedalen, Viksdalen, Sværefjorden-Vik, Vikafjell, Raundalen, Hallingskeid, Austlandet.
- b) Nordfjord, Stryn, Sunndalen, Raudalen, Gudbrandsdalen.
- c) Nordfjord, Stryn, Jostedalsbreen, Jostedalen, Skjolden-Årdal-Lærdal-Aurland-Flåm mot Tyinfjella, Sognefjellet, Stemmerdalen, Strandafjorden og Austlandet.

Utfordringar i prosjektet.

Største utfordringa låg i å aktivisera lokale krefter i prosjektet. Det geografiske området er stort. Med dei rammene som prosjektet hadde var det ein føresetnad at ein del av det lokale innsamlingsarbeidet vart gjort av andre enn prosjektleiar, til dømes kontakt lokalt med eldre ressurspersonar/ informantar, innsamling av lokalt uprenta og munnleg kjeldemateriale, detaljkartlegging av driftevegane, kontakt med grunneigarane, planlegging og førebuing av praktisk arbeid med omsyn på tilrettelegging, opprusting og for bruk av vegane. I den samanheng var det ei utfordring å motivere kommunane til å ta tak i prosjektet frå starten av og vera pådrivarar i sine område. I prosjektperioden var det ei utfordring å motivera kommunane til å ta driftevegane med i dei kommunale planprosessane og såleis verna dei for ettertida.



Anne Rudsengen. Kamperhamrane.
(Foto: Linda Vibeke Holstad)

Parallelt med dette var det naudsynt å motivera grunneigarar til å sjå verdien i å verna og pleia desse kulturminna. Dette vert også ei hovudutfordring på sikt dersom ein skal klara å fullføra prosjektet.

Det låg ei stor utfordring i å synfara Driftevegen gjennom Sogn og Fjordane. Det er mange kilometerar med gamal ferdselsveg der både veret, tidsramma og eit krevjande terreng kunne skapa vanskar.

For Fylkeskommunen vert det ei framtidig utfordring å digitalisera Driftevegen og presentera historia kring driftehandelen på Internett. Det vert også ei utfordring å presentera Driftevegen på anna vis, til dømes i brosjyrar, anten åleine eller saman med andre gamle ferdselsvegar til dømes Den Trondhjemske Postvei.


Arbeidsmetodar

Etter ein del drøftingar valde me å organisera prosjektet så enkelt som mogeleg. Det låg i prosjektet at arbeidsgruppa ville verta særstor. For å gjera administrasjonen av prosjektet så enkel som mogeleg avgrensa me difor den resterande organisering til å oppretta ei styringsgruppe. Av same grunn var det viktig at styringsgruppa ikkje vart for stor.

Ambisjonane om å få iverksett praktiske tiltak med driftevegane i prosjektperioden var høge. Det vart tidleg teke kontakt med fylkeslaga av Den Norske Turistforening, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Desse organisasjonane vart sett på som særstentrale og vart difor tekne med som samarbeidspartar i prosjektet. Dei har vore med å formidla informasjon til sine lokallag. Fylkeslaga har og vore med i styringsgruppa for prosjektet og der hatt høve til å koma med synspunkt i prosessen ut frå deira ståstad.

For å møta utfordringane med å aktivisera og motivera lokale krefter, var det tidleg i prosjektperioden sendt rundt informasjonsskriv med presentasjon av prosjektet, historia om driftehandel, oversyn over hovudtraséane og registreringsskjema for vegen. Dette vart sendt til medverkande kommunar, jeger- og fiskarlag, 4-H-lag, bondeorganisasjonslag, grunnskular, turlag og lokale ressurspersonar som ein trudde hadde, eller ville framskaffa, informasjon om driftehandelen.

Arbeidsgruppa i prosjektet har såleis vore stor. Den omfattar alle dei lokale frivillege lag og organisasjonar, både på fylkesplan og lokalplan, enkeltståande ressurspersonar og eldsjeler, dei einskilde kommuneadministrasjonane og grunneigarar som har teke tak i prosjektet. Seinare i perioden vart det lagt opp til møte mellom prosjektleiar og dei lokale aktørane for å involvera, motivera og informera dei. Parallelt med dette har det vorte produsert artiklar for aviser og andre tidsskrift for å skapa blest om prosjektet. Det har også vore innslag i radio.



Problem

”Ting tek tid”

Responser frå frivillege lag og organisasjonar lokalt var liten når ein ser fylket under eitt. Nokre stader var dei lokale aktørane på bana tidleg, men andre stader var arbeidet framleis ikkje komme skikkeleg i gang då prosjektleiar avslutta arbeidet. Difor vart det arbeidd med å få kommuneadministrasjonane på bana som lokale pådrivarar. Kommunane var inne i ein periode med nedskjeringar og påfølgjande hardt arbeidspress. Omskifte i stillingar internt i kommunane, og bytte på kontaktperson i høve prosjektet, var ein konsekvens av dette. Truleg lyt alt dette ta skulda for at det er stor skilnad frå kommune til kommune med omsyn til kva prioritet dei gav dette prosjektet.

Dei ulike kapitla er difor noko ujamne frå kommune til kommune med omsyn til beskriving av Driftevegen og historia kring den. Truleg vil engasjementet for Driftevegen lokalt vekse i tida framover då idéane no er planta i miljøet og interessa og viljen etter alt å døme er til stades. Framtidig satsing på kulturoppleving og friluftsliv for lokalbefolkninga, men også for turistar, gjer at mange no ser store mogelegheiter med desse gamle ferdselsvegane. Potensialet er stort, ikkje berre med omsyn til å skapa identitetskjensle og betre folkehelsa, men også som eit tilskot innan næringsutvikling.

Vertilhøva første sommaren bremsa framdrifta i synfaring av dei ulike traséane, på grunn av fotograferinga var det naudsynt med god sikt. Då prosjektet vart forlenga over neste sommar, retta dette seg noko. Fotoutstyret var også noko skiftande, noko som diverre går fram av bileta i rapporten.

Kva veg skal ein velja?

Ei drivkraft for å få i gang prosjektet tidleg, var hypotesen om at mykje av kunnskapen kring driftehandel ikkje var skriven ned og berre låg i minnet hjå eldre personar. Dette synte seg berre å vera delvis rett. Det er skriven relativt mykje om driftehandel. Det skriftlege materiale er mykje basert på munnlege kjelder og det er fortsett ein del eldre som i dag kan fortelja om driftehandel på heimplassen sin. Men dette er stort sett historia om siste periode med driftehandel, då den var i ferd med å verta avvikla.

Driftekarane tok seg nye vegar i takt med vegutbygging og utvikling av båttransport. Driftevegane som dei munnlege kjeldene syner til, er difor ofte av nyare dato. I dag fylgjer våre nye og moderne vegar stort sett same trasé som desse og er såleis av mindre interesse i friluftsliv-samanhang. I samband med friluftsliv langs driftevegane er det dei eldste vegane som ofte er av størst interesse. Då ynskjer ein seg helst bort frå bilvegar og tettbygde strok. Dei eldste vegane, som driftene tok før vegbygginga for alvor tok til mot slutten av 1800-talet, er det ikkje like lett å få kjennskap til alle stader.

Nokre stader vil driftevegane vera nedbygde av nyare veganlegg, nydyrking, busetnad eller anna. Skal ein då finna alternative vegar i området for å få vegen til å verta mest mogeleg samanhengande, eller skal ein berre akseptera eit brot? Kva veg ein skal prioritera, kan difor vera ei vanskeleg avgjerd når ein samstundes skal bevara det kulturhistoriske truverdet for Driftevegen.

Stoff om personar og historier frå driftehandelen, både munnleg og skriftleg, er også stort sett frå etter 1800. Før dette er det meir sjeldan ein finn noko. Kor gamal driftehandelen er, kan ein ikkje seia noko sikkert om.

Frå Sunnmøre fylgde driftene fleire ulike tilførslevegar til Nordfjord, Hornindal og Stryn. Sør for Sognefjorden er det motsett. Då spreidde driftevegane seg utover eit større område att. Her må ein ta ei avgjerd om kva veg som skal vera hovuddriftevegen. Fleire stiar i eit geografisk avgrensa område med namnet Driftevegen, logo og retningskilt vil verka uoversikleg og

truleg skapa forvirring. Samstundes vil slagkrafta til Driftevegen i marknadsførings-samanhang truleg verta redusert.

Kartmaterialet.

Driftevegane gjennom fylket strekker seg over eit stort geografisk område. I rapporten er rutene i størst mogleg grad teikna opp på 1:50 000 karta, M 711, til Statens Kartverk. Dette er gjort av di det er desse karta ein skal nytta i søknadssamanheng som vedlegg til søknadsskjema. Konsekvensen er at rapporten inneheld særers mykje kartbilag. Nokre stader har det vore naudsynt å nytta kart med målestokk 1:100 000 for lettare å få oversikt over traséane. Kartgrunnlaget er i fyrste omgang skanna inn. I ein digital - eller eventuell kommersiell versjon lyt ein byggja på det digitale kartgrunnlaget til Statens Kartverk.

Synfaring.

Tidsramma i prosjektet synte seg å verta for lita då frivillege aktørar svikta og prosjektleiar sjølv måtte ta hand om synfaringa. Synfaringa av dei mange traseane vart difor ikkje komplett, til dømes vart ikkje rutene sør for Sognefjorden synfarne, med unnatak av vegen over Vikafjellet. Heller ikkje alle tilførslerutene frå Sunnmøre mot Nordfjord og Stryn vart synfarne. Tilførsleruter andre stader vart ikkje prioriterte. Dette går fram av kapitla for dei ulike områda.

Digitalisering og opprusting av Driftevegen

Tidsramma gjorde at nokre delmål ikkje vart gjennomførte i prosjektperioden. Som nemnt før var det eit delmål å leggja Driftevegen ut på Internett for å marknadsføre vegen mot yngre brukarar. Eit anna delmål gjekk på ferdigstilling av traséane med merking og tilrettelegging. Ein hadde i utgangspunktet ambisjonar om at ein skulle ha kome lenger her, men "ting tek tid". Mange stader er ein komme godt i gang, ja, til dels ferdig, mens andre stader ligg ein i startgropa.

Felles logo for Driftevegen, til liks med Den Trondhjemske Postvei, har vore arbeida mykje med. Ein arbeider også med å få eins mal for oppslagstavler og skilting og då ikkje berre for Driftevegen. Ein har som mål å gjera desse gjeldande for alle dei gamle ferdslevegane i fylket som vert tilrettelagde for ålmenta.

Dette lyt ein ha med seg i det vidare arbeidet når ein skal gjera ferdig den praktiske delen av prosjektet.



(Foto:Fylkesarkivet)

Kostnader med prosjektet.

Prosjektet er finansiert gjennom tilskot frå Fylkesmannen si landbruksavdeling gjennom STILK-midlar, og fylkeskommunale midlar frå Hovudutval for regional utvikling og Hovudutval for kultur. Prosjektkostnadene har vore på vel kr. 600 000. I tillegg kjem trykking og utsending av prosjektrapporten.

Framtidig aktivitet på og langs Driftevegen

Driftevegen gjennom fylket bør verte ei kultur- og aktivitetsåre, som kan trekkjast inn i ein vidare samanheng der kvar kommune og kvar grend som Driftevegen går gjennom, kjem på bana og utfaldar kreativitet og aktivitet.

Drifteveg-prosjektet fell naturleg saman med den profilen som reiselivsplanen for Sogn og Fjordane er bygd over: kultur, natur, livsstil og helse. Her ligg ei utfordring.

Driftevegen, kulturminna kring den og kulturlandskapet vil vera eit kvalitetsprodukt i reiseliv- og friluftslivssamanheng.

Driftevegen har framleis bruksverdi for mange fastbuande og bønder. God og trygg forvaltning av Driftevegen ligg difor i eit samspel mellom lokale krefter.

Driftevegmiljøet med tilhøyrande stinett og kulturlandskap kan vera eit potensiale til nye aktivitetar innan landbruket, til dømes gardsturisme. Bønder og friluftslivs-interesserte har mange samanfallande interesser, som ved samarbeid vil kunne tene fellesskapet og styrke næringa.

Merking, skilting og informasjon vil kanalisere trafikken og såleis hindre ferdsel på uønska område. Dermed vert det mindre slitasje på naturen. Såleis kan ein minske konflikter mellom landbruk og turfolk. Tilrettelegging for parkering er også viktig.

Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet gir føringar for kva tiltak som vil bli prioriterte når det gjeld tildeling av tilskotsmidlar til friluftsliv (både spelemidlar og statlege friluftsmidlar), og her er dei gamle ferdselsvegane prioriterte. Det gjeld både utarbeiding av turkart, merking og tilrettelegging. Det vert også tilrådd å byggja opp om gamle ferdselsvegar framfor bygging av nye der det ligg til rette for det. I tillegg til Driftevegen kan dette vera kyrkjevegar, gamle skulevegar, støls- og grendefar, friarvegar m.m. Nokre stader fell desse saman. Gjennom å gjeva mangfaldet av desse gamle ferdselsvegane "nytt liv" vert kulturlandskapet omkring gjort tilgjengeleg.

Vegmiljøet kan vere utgangspunkt for interessant samarbeid mellom lag og organisasjonar for å skapa aktivitet på og langs Driftevegen.

Mogelege aktivitetstiltak kring vegen:

- særlege kulturaktivitetar, t.d. sogespel av ymse slag
- turopplegg på Driftevegen både i låglandet og til fjells
- idrettstilbod som løp, sykling o.a.
- hestetransport/riding
- aktivitetar i og ved vatn, som padling og fiske
- natursti
- undervisning
- produksjon av gardsmat
- husflidsprodukt
- ulike stemne mellom bygdela, ulike organisasjonar m.m.



Kjøpsskål ved Konjakkhaugen nær Fåbergstølen var tradisjon når avtaler om giftarmål eller hestehandel var unnagjort. Her møttest dei eller tok farvel med handelspartnerar, slekt og vener som budde på andre sida av Jostedalsbreen. Tradisjonen vart teken opp att sommaren 2002. Kanskje vert han årviss? Til høgre ser me glade, men trøytte deltakarar på Driftevegsturen over Jostedalsbreen, med ordføraren i Stryn til venstre på biletet. (Foto: Linda V. Holstad)



Duestemnet år 2000. Fjellet Dua ligg ved Driftevegen mellom Åheimsdalen i Vanylven kommune, Møre og Romsdal, og Kjølsdalen i Eid kommune, Sogn og Fjordane. John Moen fortel frå sommaren 1932 om det årvisse Duestemnet som samla mykje folk. I samband med 2000 års-skiftet tok Kjølsdalen Ungdomslag opp att den gamle skikken med å halde stemne på Dua første søndag i august. Frå gammalt av har Kjølsdalen Ungdomslag og Dalen Ungdomslag hatt ansvaret kvart sitt år. 230 personar i alle aldrar var samla ved Duevarden kl. 13.00. Det har blitt tradisjon at stemnelyden frå dalane får kaffi på hytta til Jofrid og Aamund Duestøl på Duestøylen før dei går vidare på Dua. Det var fint ver og godt frammøte frå begge fylke. (Foto: Rønnaug Leite)

Dokumentasjon før, under og etter arbeidet

For å kunne dokumentere dei endringane som blir gjorde, bør ein ta bilete både før, under og etter istandsetjinga.

Det er praktisk å merke av på kartet der større istandsettings-arbeid er utført. Bileta vert ein enkel metode til å dokumentera kva arbeid som er utført. Dette vil vera til nytte ved evaluering av arbeidet, for seinare arbeid med vegen og som historisk dokumentasjon.

Alt historisk materiale som kjem fram om Driftevegen og driftehandel, og anna kulturhistorisk stoff i nærleiken, eller i tilknytning til Driftevegen, lyt ein registrera og ta vare på for ettertida. Dette kan vera soger og segner både om dyr og menneske i området. Det kan og vera bilete frå stølstida, gamle bygningar eller naturbilete frå dalføra i samband med til dømes friluftsliv, jakt og fiske.

Marknadsføring

Kart og/eller brosjyre

Det vil vere ei føremon i fleire samanhengar å få lage eit kart og ein brosjyre for området. Eit kart bør vise vegtraséane. Det må ha nummererte symbol for informasjonstavlene ved utgangspunkta, parkeringsplassane, vegvisarane og elles dei andre skilta stadene. Kartet bør ha ein tekstdel som gjev informasjon om vegen og dei ulike attraksjonane. Det bør og innehalde reglar for ferdsla og kven som har forvaltingsansvaret for området.

I ein brosjyre kan gjerne stoff formidlast gjennom bilete, men den bør og innehalde eit kart over området.

For vitjande som berre ynskjer å gå sjølve vegen, kan ein enkel informasjonsfoldar gje naudsynte opplysningar. Ein slik foldar bør vere gratis.



Hestar med kløv og hestekarar på Torsnesstølen før nedturen til Sværen i Balestrand kommune. Me ser nett i stølshusa i bakgrunnen av biletet. (Foto: Fylkesarkivet)

Annan informasjon

Ved å lage ein film, video eller datapresentasjon om vegen og nærområda kan ein få formidla stoff på ein annan måte enn gjennom kart og brosjyre. Før ein går i gang med eit slikt tiltak, bør ein drøfte potensialet for besøkande og kor aktivt ein vil marknadsføre området.


For meir utfyllande informasjon og kunnskapsformidling kan eit hefte/ei bok komme i tillegg til kart og brosjyre.

Informasjon om vegen og området bør få plass i turistbrosjyrar og i anna kommunalt informasjonsmateriale som høver.

Ei fokusering gjennom media vil truleg skape auka interesse for området og føre til større oppslutnad om ulike arrangement.

Vegen vidare. Kva kan kommunane gjera?

- Det er viktig for vidareføringa av prosjektet at kommunane prioriterer *Gamle ferdselsvegane* generelt, og Driftevegen spesielt, ved rullering av kommunedelplanen for idrett og friluftsliv.
- Ferdselsvegane må leggjast inn i arealdelen i kommuneplanen. Ved å legge traséane inn i kommunen sitt kart- og planverk, kan ein under arealplanlegging og byggesakshandsaming syta for at stiane vert tekne omsyn til og tekne vare på og ikkje øydelagde av busetjing/hyttebygging, ulike tiltak i samband med landbruksnæring eller sperra på anna vis.
- Vera pådrivar i arbeidet med Driftevegen. Ta initiativ til møte mellom kommuneadministrasjon, grunneigarar og frivilege lag og organisasjonar der friluftsliv står på dagsorden. Informera og motivera for Drifteveg-prosjektet. Peike på moglegheiter innan friluftsliv, bruk og vedlikehald av kulturlandskapet, gardsturisme, nisjeproduksjon, gardsmat, husflid m.m. som ein fylgja av realisering av Drifteveg-prosjektet. Stimulera lokale lag og organisasjonar, eventuelt også grunneigarar, til å ta tak i prosjektet og assistera dei i arbeidet; til dømes hjelpa dei med søknad om midlar.
- Syta for kartgrunnlag til frivillege lag, organisasjonar eller personar som skal kartleggja driftevegane. Syta for at Driftevegen vert lagd inn på turkart og anna og presentert med kulturhistorisk omtale.
- Avklara eigedomsforholda der Driftevegen passerer. Syta for gode samarbeidstilhøve mellom grunneigarar og friluftinteresserte. Generelt skal kommunane etter Friluftslova § 22, arbeida for å fremja ålmenta sine friluftinteressar. Kommunen kan med grunnlag i §§ 13 og 40, krevja at ulovlege stengsler vert fjerna. Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd ei handbok for kommunane til bruk for behandling av ulovlege stengsler for ålmenta (DN-handbok nr.14-2000). Dersom det er særskild viktig å få turstien fram, sjølv om det er innmark, kan kommunen regulera stien, og deretter med heimel i Plan- og bygningslova § 35, eksproprierar grunn eller gje rett til å leggja tursti over privat eigedom.
- Setja av midlar på budsjetta/søkja om midlar til praktisk gjennomføring av tiltak i samband med driftevegane, til dømes opprusting, vedlikehald, skilting/informasjonstavler og marknadsføring av friluftstilbodet. Dersom det er aktuelt å setja inn større tiltak som bruer, klopper, større skilt m.m., kan det krevjast løyve etter Plan- og bygningslova sine reglar.
- Søkja samarbeid med nabokommunar evt. nabofylke om vidareføring av prosjektet der Driftevegen passerer kommunegrensa.



Del II

UTDRAG FRÅ HISTORIA KRING DRIFTEHANDELEN



FEKARVI SA

Så sa ho det ho Kari
"Nå ska du reise nord
og handle drefter store
som dine brøar to".
Da tenkte eg som så,
det ska bli uvant handle,
da ska me pøngar få.

så la ho i ei skreppe
med smær og lefsekling.
Så sa ho det, ho Kari,
Du skull' hatt brennevin.
"Du kunne vel bli trøtt,
så drakk du lett av krukka
så ralla du like støtt".

Og da eg kom på fjelle
kom der så hard ein vind.
Eg måtte hennar takke
eg hadde brennevin.
Eg drakk av krukka glad,
så skrâpå eg onda skia,
så ralla eg like ratt.

Og da eg kom oppover
så handla eg nokka naut.
Eg handla nokka sauer,
eg skull' hatt geiter au.
Men følkje svara så:
"Me kan'kje geiten miste
færr ostenn bli for små."

Men da eg kom te byen
va der så god ei tid
at somme kjøfte åtte
og somme kjøfte ni,
og somme større klatt.
Ja, det er uvant handle
når det kan gå så ratt.

Og mannen heitte Halvor
og garden heitte Vik
og kua heitte Hønnfåg,
ho ville ikkje dit,
ho ville heimatt trå.
Nå kan eg'kje meir av visa,
de fær la dekkann lite nå.



Skreppehandlar. Kanskje frå Stryn? Me kjenner ikkje til kven det er eller kva tid biletet er teke, men denne kopien av biletet, har Olav Guddal frå Stryn liggjande.

Kven som har skrive visa veit me ikkje. Versa går på ein eigen tone som finst på lydopptak i Folkemusikkarkivet i Telemark.

HISTORISK OM DRIFTEHANDEL

Kvifor driftehandel?

Det lønte seg for austlandsbonden å få fe og hestar over fjellet frå Vestlandet framfor å avla opp sjølve. Milde, korte vintrar, rikeleg med nedbør og rikare grasvekst, gjorde at vestlandsbygdene kunne halde ei større femengde om vinteren enn austlandsbygdene. Austpå hadde dei ofte lite vinterfor. Dei gode og store beiteområda på Vestlandet gjorde det mogeleg å opparbeide eit overskot av fe. Fjellbeita mellom vest og aust, gjorde den lange transporten av dyra mogeleg. På fjellbeita kunne driftene beita heile sommaren.

På Austlandet var det stor etterspurnad etter hestar til skogsdrifta, mjølkekyr til storgardane og store mengder slaktefe. Bergverksdrift og vekst i byane på 1600-talet skapte stor trong for trekkdyr og kjøt, og driftehandelen var utbreidd allereie då. Truleg er handelsforma langt eldre, men omfang og etterspurnad varierte.

Målet til driftehandlaren var, på enklast mogeleg vis, å komma til dei gode sommarbeita i høg fjellet, for seinare å omsetta dyra austpå.


Kor gamal driftehandelen er veit ein ikkje sikkert. Det er funne prov på at driftehandelen eksisterte på 1500-talet. Nokre forskarar meiner at driftehandelen kan ha røter heilt attende i vikingtida, mens andre meiner handelsforma truleg går attende til sein-mellomalderen.

Hovuddrifteveggar gjennom fylket

Frå Nordfjord tok turen til sommarbeita i austfjella fire - fem veker. Det kan sjå ut som om det var tre hovudtraséar gjennom Sogn og Fjordane.

Den vestlegaste driftevegen starta på Sunnmøre. Frå Vanylven på Sunnmøre (mellom Annaheim og Steinsvik), dreiv dei dyra til Kjølisdalen, Stårheim og Nordfjordeid, via Lote med båt til Anda, vidare til Sandane og Byrkjelo. Frå Byrkjelo gjekk dei Våtedalen til Klakegg og Kjøsnes. Der bar det over Kjøsnesfjorden og vidare over fjellet til Haukedalen; deretter ny fjellovergang til Mjell i Viksdalen. I Mjellslia kunne dyra kvile seg ut før dei tok til på langturen over Gaularfjellet og ned Sværeskaret til Sværen i Sogn. Dyr frå Sunnmøre og Nordfjord vart også drivne rett austover gjennom Stryn, nordafor Jostedalsbreen og gjennom Sundalen/Raudalen i retning Gudbrandsdalen. Tredje hovudtrasé gjekk over Jostedalsbreen. Dette var truleg den mest krevjande ruta og berre dei mest røynde karane tok ut her. Ved Greidung i Stryn, var det ein stad der dei kunne få dyra opp på breen. Vel 10 timar måtte dei rekne på turen opp Erdalsbreen og ned att Lodalsbreen til Fåbergstølen i Jostedalen. Dei gjekk helst om natta; då bar snøen betre. Nokre fylgde Jostedalen til Marifjøra og tok båt over fjorden til Kroken eller Lærdal. Andre la vegen til Skjolden og Fortun.

Dei heldt ikkje nokon "latmannsfart" desse karane. Fehandlar Andreas Berdal frå Feios skal ha sagt at ei dags ferd med drifta var ca. 5 mil. Dette høyrast vél drygt ut, men 2-3 mil måtte dei nok rekna.



Kart over Sogn og Fjordane. Den kraftige lina syner om lag kvar driftevegane gjekk. Nord for Nordfjord var det mange vegar som førte til Nordfjordeid. Tettstaden fungerte som ei trakt inn mot ferjestaden på Lote. Langs hovudtraséane var det fleire tilførslevegane som ikkje er teikna inn på kartet. Det vert fortalt at dyr heilt frå Naustdal og Eikefjord i Flora slutta seg til driftene på fjellovergangen mellom Haukedalen i Førde og Mjell i Gaular. Det er karakteristisk at vegane delte seg når driftene var komne sør for Sognefjorden. Då var det ikkje lengre snakk om ei rein transportetappe med dyra. Dei nærma seg sommarbeita og driftene spreidde seg ut over fjellområda.

Over Sognefjorden måtte driftene i båt, anten til Vik, Aurland, Flåm eller Lærdal. Frå Vik drog driftene over Vikafjellet til Mørkdalen og vidare austover mot Raundalen og Hallingskeid. Frå Aurland gjekk driftene gjennom Aurlandsdalen til gode beiteområde i Stemmerdalen, det er omtala fire ulike ruter frå Aurlandsvangen og opp dit. Frå Flåm tok ein opp frå Fretheim til garden Geisme, over fjellet Brimtvora ned til Fretheimsdalen og Vindesdalen (støl) og austetter langsmed Svartevatn over Hednadalen, langs vesle og store Vargevatn til Geiteryggen og Strandavatn i Hol. Ved Bakkahelleren gjekk denne ruta saman med driftevegen frå Voss. Både holingar, numedølar og vossingar låg med driftene i desse fjelldalane før dei byrja å drive mot Austlandet i september. Frå Lærdal gjekk vegen vidare over Fillefjell eller over Skjolden/Turtagrø til Tyin. Frå Øvre Årdal gjekk dei inn Moadalen til Sletterust og Tyinosen.

Når dei nådde Sognefjorden, tok dei altså ulike vegval. Kva veg dei valde å ta var grunna ut i frå fleire omsyn. Ver og føre, slektskap, venskapskap, kjennskap til områda og ikkje minst utviklinga innan samferdslesektoren, var avgjerande.

Båttransport over Sognefjorden

Lote – Anda var ein av båtetappene driftene måtte ta. Driftene frå Nordfjord, som ikkje var reine hestedrifter, la oftast vegen om Sværen ved Sognefjorden. Då måtte dei i båt ved Kjosnesfjorden ved Skei. Kjosnesfjorden var ikkje noko stor utfordring med omsyn til lengda og verforholda. Verre kunne det vera over Sognefjorden. Frå Sværen skulle beista fraktast til Vik, Aurland eller Lærdal. Karane tinga seg driftebåtar. Lars Dale (Margreta-Lars) hadde båt som tok om lag 35-40 beist. Endre Torsnes sin båt kunne lasta 40 beist og Skåsheimsbåten 35. Rett etter midnatt drog dei av garde ut fjorden. Dei fekk då nytta brettekken, frålandsvinden, utover. Ut på dagen kom havgula med pålandsvind på tilbaketuren. Det regelmessige skiftet av vind nytta fehandlerane seg av. Det vart eit slit med jektene om børen ikkje var god. Storebåten hadde råsegl og årar. Var det trong for årar, måtte ein mann ro framføre i "skibåten" og slepe.

Ein kar sto bak på vengen, og rodde med ei svær åre, 7-8 alner lang, samstundes som han førte roret. *Denne måten å ta seg fram på kalles i Sogn å "båts-ro"*, skriv Fridtjov Isachsen i boka si *Frå Hallingskeid til Nordfjord i Driftekarenes fotefar*. Storabåten hadde ein veng akterut med liggjeplass for to mann.

Etter at amtsbåtane, seinare Fylkesbaatane, kom i drift i 1858, vart driftene frakta med desse. Særleg skulle *Vetle-Lærdal* vera mykje brukt. Frå Sværen var det tidlegare naturleg å frakta dyra over til Vik. Det var kortaste vegen. Med amtsbåtane kunne ein ha dyra i båt også over lengre strekningar. Ei oppgåve frå 1893 syner at det med desse båtane var ført 716 storfe til Gudvangen, Lærdal og Årdal. Storparten var fe som driftekarane skulle austover med.



Bilete er teke frå eit ruteskip i 1883 før det vart kai på Slinde (Lunden). Vi ser personar som fører dyr i båt. Kanskje er det fehandlerar? (Foto: Fylkesarkivet)

Ofte kom det skøyter frå andre bygder til. D/S «Lærdal» kunne ta opp til 7 båtar på slep. Beisti vart tekne om bord i Lasteviki i Sværen eller i Øyeskredviki. Der var fjorden djup, og «Lærdal» kunne leggja heilt inn til land. Anlegg av Riksveg 13 øydela seinare denne lasteplassen.

Like før århundreskiftet 1800/1900 var frakta frå Sværen til Aurland ei krone for kvart beist. Fekk dei motvind, vart dyra trøytt og svoltne. Då hende det at dei stogga og sette dyra på land. Det kunne vera i Njøsaholten eller i Borlaugskroken.

Oskar Nesse fortel:

Det vart lagt luker over opningi til nedste lasterommet på båten, og så vart øvste lasterommet nytta til "fjøs". Der var det ringar til å binda dyri i. Dei vart heiste om bord i ein sterk sele av seglduk som vart lagt under magen på dyret og gjekk oppatt på sidene og festa med tau framme og bak. Så vart dyret heist om bord med vinsjen. Dette var ikkje alltid spøk når det var rebelske uksar og nervøse hestar som skulle om bord.

Nede i "fjøsen" var det ofte lurveleven, med rauting og beljing og skiting av dyri som fekk "laust liv" av ei slik uvan framferd. Eigaren måtte då freista å roa dei, men det var ikkje alltid så endebeint. Passasjerane om bord fekk eit gratis skodespel av ei slik lasting og lossing, men teven frå "fjøsen" kunne kanskje riva litt i nasen hjå finfiffen om bord. For det kunne vera tev frå "fjøsen" når han var full med kyr.

Oppe på bakken på båten vart det sett opp grinder som ei kvi der sauene stod. Ei slik drift kunne vere på 200-300 stykke.

Eg hugsar ein gong eg kom med båten frå Bergen ved jonsokbel. Det var under fyrste verdskrigen, og båt frå Bergen til Sogn gjekk det berre to gonger i veka. Ein tur frå Bergen til Lærdal tok over to døger, for båten var innom alle "fjordakjeftar" som fanst etter den lange Sognefjorden. Det var fullt med folk om bord, og då me kom inn etter fjorden, vart "fjøsen" full av krøter. Det var steikjande varmt. Me passasjerane kunne vera på dekk, men feet måtte halda seg under dekk. Båtfolki heiste då opp i masti ei stor trakt av seglduk med den største opningi mot fartsretningi og den andre opningi ned i lasterommet så det kom frisk luft ned til dyri. Men den lufti som då kom oppatt frå lasterommet, er det uråd å skildre. Tett ved nedgangen til "fjøsen" var døri inn til "bondestova", og ho vart fyllt med denne lufti frå "fjøsen". Der på "bondestova" måtte me som reiste på 2. plass, for kr. 6,50 Bergen - Lærdal, liggja og sova om natti, på nokre harde benkar med ei hard pute under hovudet, dersom me i det heile fekk liggja.

Knut Grønsberg frå Feios er truleg ein av dei siste som dreiv med driftehandel. Han kjøpte både kyr og hestar, men mest sau og noko geit. Han handla dyr på begge sider av Sognefjorden om vinteren. Når våren kom, leigde han ein motorbåt frå Fresvik, og reiste rundt og sank i hop dyra han hadde kjøpt, og førte dei til Gudvangen.

Ein gong hadde han bunde ein bukk attmed rekka, og gjekk så inn i styrehuset til skipperen. Men då han såg ut, var bukken vekke. Bukken hadde hoppa over rekka, og hadde hengt seg etter halsbandet. Men dette hadde nett hendt, så han fekk blodet av bukken, så kjøtet var vel like godt. Då sa motorbåtføraren til han: "Du kan lata meg få bukken. Skal du leiga skyss til slakteriet, gjeng verdien av bukken og meir til." Og dette gjekk handelskaren med på.

Desse geitebukkane var det ein viss etterspurnad etter på Austlandet. Kyrabøndene hadde dei ståande i fjøset um vinteren, det skulde hjelpa mot kalvekasting. (Etter Olav Ottergjell)

Markus Sjurson Hove, Haoa-Markus, (1809-1897) ætta frå Vik. Markus var ein kjend kyr- og hestehandlar før han busette seg på Ulvestad i Balestrand.

Ein gong lasta Markus storbåten sin med 13 kyr og ein hest og skulle gå Aurlandsfjella med dei. Dette var om sommaren. Ved indre Borlaug-landet, (Feios), kollsiglde dei og alle kyrne drukna. Men hesten fekk dei skore laus, og han sumde i land og vart berga. (Pridlao nr.2/2000)

Tilslutningsveggar

Driftene nordfrå stansa fleire stader på vegen for å samle opp nytt fe frå omlandet. Mellom anna var Roti, Vereide og Frøysland oppsamlingsstader for driftene.

Gjennom heile fylket var det tilførselsveggar til hovudtraséane. Fehandlarar som hadde samla dyr andre stader i fylket, slutta seg til etter kvart. Nye dyr kom til og andre vart selde unna.

Til dømes kom det drifter frå Stardalen. Dei tok ut frå Fonn og samla dyr nedover dalen og kring øvste områda i Jølster. Så nytta dei seg av vegen som Nordfjord-driftene brukte over Skrikleskaret ned til Gjerland/Frøysland.

Det vart samla drifter heilt ute frå Naustdal, Eikefjord og Hyen. Desse driftene vart drivne gjennom Trodalskaret til Angedalen. Når ein hadde samla driftene som kom vestafra, tok ein vegen opp Gjestdalsmyrane og gjennom ein trong dal som førte fram til gardane i Holsen. På Holsen fekk dyra beite ein dag. Så tok dei vidare over Rørvikfjellet og ned i Rørviklia og utover mot Solheim. Her hadde drifta nok ein beitedag før feet vart drive fram i Geila mellom Mostadhaug og Vallestad. Der var det mottaksstad for fe frå Råheimsdalen og Viken krins (Oppedal 1980. 22ff).

Denne vegen "utanfra" (frå Hyen-, Eikefjord- og Naustdalstraktene) møtte hovuddriftevegen frå Nordfjord ved Brattefonna i Trøngklypet. Frå Trøngklypet og vidare nedover følgde vegane same lei.

Også frå Fjaler kom bøndene med dyr som dei selde til driftekarane. Av teljinga i 1667 var det omlag ein hest pr. bruk i Fjaler. Etter dette og i første halvdel av 1700-talet endrar dette seg. Hestetallet pr. bruk er no auka til 1,5 pr. bruk. Det er også sikre meldingar om sal av hest til numedøler, hallinger og valdrisar utover på 1700-talet. Det vart skrive at når det var vanskjeleg å betala inn skatten for bonden, var ofte sviktande sal til numedøler og andre årsaka. Dette tok seg opp att seinare av di sunnfjordhesten var så framifrå til skysshest og no tok vegane til å vakse fram austpå.

Driftene frå Fjaler tok truleg sti eller liknande mellom Guddal, Sande og Vadheim. Frå Sande kunne dei kopla seg på driftevegen over Gaularfjell eller dei kunne verta med driftene til Vadheim, alt etter kven dei handla med. Frå Vadheim bar det i båt innover Sognefjorden og vidare mot Austlandet.

For alle dei tre hovudtraséane gjennom fylket gjeld at det stadig kom nye dyr til.

Tilførselsvegane er difor mange.

Driftevegane – meir enn transport av fe

Driftevegane var meir enn vegar knytt til transport av fe. Dei gamle ferdselsvegane batt saman nabobygder, kyst og innland, fjord og fjell. Byrjar ein å nøsta opp historia om driftevegane, finn ein difor mykje meir kulturhistorie enn berre den som er knytt til driftetraffikken.

Til dømes var driftevegen mellom Jølster og Haukedalen/Viksdalen vel så mykje ein gamal friarveg. I følgje Oppedal er slektene på Myklebust, Kjøsnes, Kjeldstad, Myra, Grøneng, Eldal og Haga, frå 1620-åra og utetter, *innfiltra i eit utal av slektskapsband*. (Oppedal 1980:18).

Likeins var den mykje nytta drifteruta over Jostedalsbreen frå Greidung til Fåberg ein flittig nytta friar- og bryllupsveg.

Kven var driftekarane?

Det var helst yngre bondesøner som dreiv driftehandel, slike som ikkje kunne venta å få garden. Det var rekna som skam å vera heimføding. I Telemark skulle alle sønene ut ein tur, også odelsgutane.

Driftekarane var ofte ungdomar då dei starta opp. Dei var fyrst gjetargutar ein sommar eller to, saman med eldre karar oppe i fjellet for å lærast opp. Seinare fekk dei vera med på alle delar av driftehandelen. Dei kom seg mykje rundt, og fekk oppleva spanande dagar. Dei bar med seg nyhende kringom på gardane dei vitja. Dei lærde mykje og vart gjennom driftehandelen kulturberarar i si tid. Alle passte sjølvsagt ikkje like godt til å vera driftekar. Somme prøvde seg gjerne nokre år og fann ut at dette livet var for hardt. Alle var ikkje like

flinke forretningsmenn og gav seg av økonomiske årsaker. Andre var som skapt for yrket og heldt på til helsa svikta i alderdomen. Mange vart velstandsfolk. Fleire av dei fyrste som utvandra frå Numedal til Amerika hadde bakgrunn som skreppe- og driftekarar. Av dei som vart buande heime var det fleire som kjøpte seg gard.

Driftehandel og skreppehandel hang i hop

Før i tida var her ikkje landhandlarar på vide vegar so som det er no.

Det var Vossingar som byrja fara fyrst på skreppehandel. Dei farta rundt heile landet og baud sine varer ut til folk. Sidan vart det Numedøler som vart dei leiande kramhandlarar. Her kunne farte om fleire i lag so folk fekk dei varer dei trong og meir til "på huset" som ein seier. Desse handlarane avhenda og mykjer krøter om i bygdene. Dei kjøpte både hest og kyr. (Nedteikna i 1890 av Peder O. Myklebostad, Kjøllesdal, 1858 – 1940.)

Om vinteren dreiv karane rundt i fylket med skreppa si. Samstundes gjorde dei avtalar om seinare kjøp av dyr til driftene. Skreppekarane på våre kantar kom difor som regel frå bygdene som grensar mot Hardangervidda; Voss, Sogn, Hardanger, Hallingdal, Telemark og Numedal. Skreppekarane si lærskeppe vart kalla for "en numedøl", noko som seier mykje om omfanget der. På slutten av 1800-talet drog 80-90 unge karar berre frå Uvdal på skreppehandel.

Det var ei tid at mest kvar einaste karmannskryp dreiv med handel. I skreppa hadde dei med seg tøy, lerret, plagg av ymse slag, halsklutar, knappar, silkeklutar, band, finare garn, sylvsaker, tråd, kammar, sakser og andre småvarer. Skreppa kunne vega meir enn 60 kilo. Sumt var laga heime, elles kjøpte dei inn på Lærdalsøyri og i Bergen. Dei gjekk gjerne rutene sine to, tre gonger om året. «Då eg fór nordover fyrste gongen og skulde ta til med skreppehandel, fekk eg låne ein dalar av mor», sa Sjugurd Lauverud, som handla mest på Vestlandet, «og då eg slutta, hadde eg lagt meg upp 5-600 dalar.

(Etter Knut Lie frå Aurland)



Rasmus Flore har teke dette biletet av Gamlehuset på Flore i Markane. Ein skreppehandlar hadde lageret sitt på eit kott i denne stova. Rommet vert den dag i dag kalla for "Numedalskottet". Numedølen heitte Tov Larsen Borgen og var fødd 20. november i 1847. Tov gifta seg 16. april 1873 med ei dotter på garden Flore. Då oppgav han skreppehandlar som yrke. Jenta heitte Oline Malene Olsdatter Flore. Dei reiste seinare til Amerika. Garden Flore ligg omlag midtveges mellom Kjøs og Faleide, attmed Postvegen som vart bygd for omlag 200 år sidan.

Om livet som skreppehandlar er det skrive ein del viser. Her er teke med ei lang vise frå 1850-åra om ein skreppekar frå Voss. Versa sto i avisa *Hordaland*, onsdag, 1. juli 1931. Melodien står i *Fjord- og Fjellfolket*, av Samson Bjørke.

Kramkarvisa

Notar: Johannes Hellene

Folketone frå Voss



Så mang en Sang vi høre om Kjærlighedens Magt,
Om Sørmanden, som pløier de Bølger uforsagt:
Jeg sjunge vil om Vossen, der flakker om med Kram
I Dale, over Fjelde, på Vand og fjerne Strand.

Sålænge han er hjemme som Dreng hos Fa'er og Mo'er,
Han vogter deres Qvæg og arbeider lidt på Jord.
Men er han konfirmeret, det huer ei hans Sind, -
Lig Fugl i Luft og Skove han tumle vil omkring.

Med Foden på sin Nakke og Ranselen dertil
Snart Hjembygd han forlader og ind til Bergen vil.
Og har han nået Staden, så undrende og fro
Han skuer Mangt derinde, men har ei længe Ro.

Flux går han til en Kjøbmand, men helst til C. Sundt;
Der fylder han sin Skræppe med mangan vakker Pynt;
Betalder lidt kontant, men fær resten at stå hen,
Indtil han har forhandlet sin Vare bort igjen.

Og hermed er han færdig. Nu er han ikke seen:
Men snarlig med en Båd, som er liden, eet og veen,
Og med en Kammerat, der kan bruke Hånd som Mund,
Han iler ud fra Byen 'igjennem Fjord og Sund.

Om end en Kuling stryger henover Fjord og Hav,
Så Seil på Jakt må reves og Bølgen slår med Brag,
Dog med sin lille Båd han mon skyde kjækt afsted;
Thi Mod der boer i Brystet, i Panden Kløgtighed.

De Godtfolk langs med Kysten, som Mangt fortælle kan
Om Vossens Usselhed, når han færdes skal på Vand,
De skulde snart bekjende, ei dette passer på
Kramkarlen, når de såe ham i sådant Veir fremgå.

Trods Uveir, Nød og Møie, han stedse lystig er;
Det Strilen må besinde, hvis hiin ham kommer nær:
Han "kakker" friskt i Båden og bruger Skjeldsord til,
Og turrer ham for Klædragt, for Grød og Fisk og Sild.

Søveien til sitt Mål snart han har tilbagelagt;
Dog altid ei med Båd, som kun skyder liden Fart;
Det hænder også ofte, hvis dette kun går an,
Han følger med et, Dampskib henover Sjø til Strand.

Kun Landhandler og Lensmand han ræddes for på Jord
-Fær disse Kløer I Skræppen, hans Fordel bli'er ei stor -;
Men ellers ei for Nogen, det være, hvem det vil;
Thi "levende han fød er" og Kneb han kan dertil.

Med Skræppe tung han rangler fra Gård til Gård omkring;
Ved Sang og Tobakspipe han let gjør Gang og Sind; -
Falbyder nu til Alle de Varer, som han har;
Lidt passer vist til hver, hvad han ud af Skræppen ta'er.

Sin Dont forståer han vel, som den bedste Handelsmand;
Thi klog og snild som Slange tilgavns han være kan.
Han visselig ret godt skåret er for Tungebånd;
Thi oplagt, snildt og hændigt han bruger Mund som Hånd.

Et gammelt Mundheld siger: Hver Kjøbmand, som er til,
Sin egen Vare roser, men Andres laste vil.
Det gjælder og Kramkarlen; thi snart du mærke fær;
Sit Kram at skryde over han meget vel forstår.

Lidt lyver han iblandt, måske bander og derpå;
Tro derfor ikke Alt, hvad han ud af Mund la'er gaa.
Måske at første Qvart af hans Alenmål og er
Forkort en liden Smule, når nøiere du seer.

Som Fisken bliver lokket ved Madingen på Krog,
Så drages også Mange ved Vossens snilde ord
At handle Smått og Stort, hvorved Skræppen letner lidt
Hør nu, hvordan han teer sig og passer sine Snit.

"Gu' Dag, Godtfolk, herinne Fortryt nu inkje pau,
At eg so dristigt komma å in' i Ståvo gaur,
Eg kveikja ve mi Pipa og sækja Skræppo ne,
Å syna deko Krame, so uti denna e."

Høir du goe husbond, som væra baade mand o far,
du omsut lyt ha, før baade hus o heim o gard.
O har du so ei kjering, o seks, sju, aatte onga
daa ekje berre ordet, hørre du ska faa tak i kønn.

"No, Kåna her i Huse! eg Mykje har å Mangt,
So du nok kan behøva å trængja te iblandt:
Godt Lærret, Hægte, Nåle å Bånd so fiin å rar'; -
Du veit eg gjære godt Kjøp å go'e Vara har".

"Lidt Nyt du sjøl man ha deg, fø Helgo stunda te,
Å Bodne dine likso, du veit dei hoge e.
Lat sjau du e ret truen å handla gjelt tau meg,
So Skreppo mi kan letna; dau lik' eg fyste deg".

«Du, Jenta, mao å ha deg eit kostbart Kjyrkjeplag
Eg har mangje her, so e utau raraste Slag,
Godt Kjøp du ska no fau, naur du berre handla ve;
Di Vakkerheit å Veenheit da gjære mykje te."

«Eg har å mangje Vise å Setlabøke me.
Mangfoldigje Slags Kluta, so veen å ægte e,
Å Knappa, Fadlekniva, so høva deg, Ungkar!
Du kjøpa lidt aut deg å di Jenta, snaup å rar."

«Eet Uhr har eg i Fikko tau allarbeste Sort
Da dirigt e å fadligt, i adle Mauta godt,
Da gaur no pau Minuten, i Aure ut og in'; -
Du mau da, Huusbond, kjøpa te ældste Guten din!"

«Å har De gammalt Sølv, so De gjedna sælja ve:
Ret gjæve Stoup å Kanna, Tomlinga, Sølje Kje'e
so ska eg detta kjøpa, men helst eg ve no da
At me gjær' sjela Byte, so Kram dafø De ta'«.

Igjennem Bergens Stift han på denne vis gaa frem;
Men søger også ofte til andre Egne hen:
Til Romsdal, Valdres, Hallingdal, til Ringerige ned,
Ja, mangel Kramkarl gjæstet har Broderlandet med.

Når Varene er udsolgt, han flux til næste By
Heniler, for i Hast at forsyne sig påny.
Til Markederne også han iler hen med Lyst;
Der køber han og sælger og vover mangel Dyst.

Han Penge nok fortjener, - men ud der også gaaer
Især, når efter Touren han ind til Byen naer.
Med gode Kammerater, som der han træffer på,
Han lyster flot at leve og Stort han da kan faa.

Som Fuglen, der var borte om Vinteren så lang,
Tilbage dog om Vår vender sig med lystig Sang, -
Så vandrer også Vossen med Skræppen på sin Ryg
Iblandt til gamle Fader og Mo'er i elskte Bygd.

Nu er han heel forandret; - han neppe kjendes vil
Med fiin og kostbar Klædragt, og Uhr med Sølvsnor til,
Med sølvbeslagen Pibe du også see ham faer --:
Ei altid just til Gode for Hjembygds simple Kår.

Han kan nu Mangs fortælle om sine Hændelser
- Ja, måske Et og Andet om sine Skjelmstykker -;
Hvorledes det ser ud i denne Egn, han har besøgt,
Hvorledes man der har det, hvad Liv man der har ført.

Imedens han er hjemme, det gaaer ret lystig til
Hos nærmeste Gjestgiver med Drikken og med Spil;
Og Bygdens unge Jenter ei heller bliver glemte
Men om alt dette glemtes, ei vilde være slemte.

Dog længe han ei trives i stille, simple Hjem,
Urolig i sit Sind snart han reiser bort igjen;
Uskicket er han nu til Arbeidsomhed og Flid,
At flakke om med Skræppen det er hans Lyst og Liv.

Der kunde vistnok endu Adskilligt nævnes op
Med Hensyn til Kramkarlen, - for denne Gang dog nok.
Hvad her er sagt ei gjælder Enhver -det mærkes må,
Men hvo ei Trøyen passer, ei trekker han den på.

Det hende ofte at drifte- og skreppekarane slo seg ned i dei deler av landet der dei fór, anten som handelsmenn, fiskarar eller bønder. På Ringerike, Modum, Eiker og Lier finn me namn som Kvamme, Nesse, Hatleberg, Voldum, Berge, Eggum, Hovland, Tufte, Sprakehaug, Eraker, Borlaug og andre gamle Borgundnamn. I tidsskriftet *Under Norefjell* er driftekarar som slo seg til i Sigdals- og Eggedalsområdet lista opp: Torsten Østensen Berekvam på Velstad i 1830, Vebjørn Mikkelsen Dalsbotn på Skatvedt i 1844, Hans Knudsen Gulvangen på Hole i 1831 og Gullik Hermansen Lie på Mellom By i 1857. Alle blei gifta inn i bygda og tok over gard. Det same var tilfelle med Jon Ellingsen Vinjum som i 1853 gifta seg til Skyliholt i Sigdal. Sonedotter hans blei i 1881 gift med Johannes Olsen Huseby frå Leikanger i Sogn. Han kom også dit som driftebonde. Torsten Østensen på Velstad dreiv vidare med driftehandel etter han kom til Sigdal. Då kona døydde i 1836, gav han opp som tilgodehavande:

<i>Utbetalt på en fedrift</i>	<i>600 spd.</i>
<i>Tilgode hos forskjellige forhandlarar</i>	<i>300 spd.</i>
<i>Tilgode i Hallingdal</i>	<i>50 spd.</i>

Tre driftekarar - viktige kjelder.

Erik Fønstelien.

Ei unik kjelde til kunnskap om driftehandel finn me i dagbøkene til Erik Fønstelien. I desse møter me Erik som ung skreppehandlar, farande rundt i Sunnfjord, og seinare som driftekar saman med brødrene Hans og Reier. Informasjonen i dagbøkene er samla og ordna av sonesonen Hans Jakob Fønstelien.

Gjennom dagbøkene får me informasjon om rutene dei nytta, men og interessante historier om livet som driftekar.



Erik Fønstelien. (Frå Årbok for Nordfjord, 1998. Foto: Tonning, Måløy)

Erik Fønstelien kom frå Uvdal i Numedal. Han hadde tilknytning til Gloppen gjennom onkelen Hans Hansen på Vambeset, nå Lundestad. Onkelen kom som skreppekar og hestehandlar til Gloppen og vart gift med Synnøve Kristianna Vambeset. Erik Fønstelien og brørne Hans og Reier dreiv alle med driftehandel på Vestlandet, og Vambeset hos onkel Hans, var fast tilhaldsstad når dei var i Gloppen.

I barneåra dreiv Erik som gjetargut. Allereie som 17-åring starta han som skreppehandlar saman med broren Hans. Sommaren 1894 var første sommaren han var driftepassar på Hardangervidda. Her skildrar han ei drift i 1896:

Det var seen vaar i Nordfjord det aaret og sanken begyndte omkring 10-12 juni i Storheim vik (Stårheim) i Nordfjord, vi drev over Loskaret (Lotsskardet) til Lote, fragtet kuerne paa store båter over fjorden om kvelden, da der blæste en god bris inover fjorden og drev saa kuerne om natten og morgen in til Øirane paa Sandane, der stoppedes en stund, mange kuer blev modtatt og betalte der, saa fortsattes opover Breim til gaarden Teita, der kom ogsaa en del som var sanket i Indfjorden over Utvikfjellet til Teita, saa der stoppedes i 2 dage.

Turen fortsatte saa den gamle driftevei til Vaatedalen ved merket mellem Breim og Jølster der stoppedes 1 nat. Næste dag til Haaheimshagen Jølster, der modtokes kuer fra Aardal, Kandal og Førde i Breim, samt øvre Jølster; en nats ophold saa til Aardalshagene der 1 nats stans. Fortsatte saa til Lergrovbækken, der en nats ophold, neste dag opp til stølene i Gjesdalen Jølster med hvil der om natten, saa fortsattes over "Finneskaate" til Holsen i bunden av Holsedalen der stoppedes en nat og saa over Holseffjellet ned til Mostad i Viksdalen. Fra Mostad fortsattes neste dag nedom Vikvannet over broen og opover nogen bratte birkelie til Botnestølen, den laa høit og der var lite mat for kuerne men vi stoppet natten over.

Næste dag gik så turen over høifjellet til gaarden Mjell i Viksdalen (egentlig i Eldalen), der beitet vi i Mjellsliden. Paa en bjelke i en utmarkslade der saa jeg navnet til Knud Bessesen Prestrud 1883. Han havde passert der med drift det aaret.

Det begynte å minke på provianten og ingen bakere fandtes saa vi fik en kone til at steke en del sveller "mjølkekaker" til reserveproviant.

Vi la over en hel dag i Mjellslien og fortsatte saa til en sæter som het Langvandstølen innenfor Mjell. I nats ophold der fortsatte saa til Tornesstølen som tilhører en gaard i Sværefjorden Sogn.

Fra Tornesstølen begynte vi tidlig om morgonen, men nedover var det en elendig vei delvis bestaaende av 2 å 3 stokker lagt paa bolter i fjellet, som skraanet ganske brat ned mot elven. I dalbunden ned i gjennom Sværeskardet laa store urer med fjellstykker og elven fosset og duret nedover mellem stenene, mot kvelden kom vi da endelig ned i havnehagen til Sværen. Paa turen ned Sværeskardet maatte vi late kuerne passere revy i linje efter hverandre saa det gik sørgelig sent og paa de vanskeligste steder maatte vi da sette vagter som regulerte ku for ku over stokkene.

Den 21. juni kom vi ned Sværeskaret, maatte ligge der rolig til den 22, for vi havde tinget D/S "Kommandøren" for kr. 200,- en ekstratur med hele driften ind til Lærdalsøren og baaten skulde hente os i Sværefjorden St Hans aften eftermiddag.

Ved 5 tiden kom dampskibet og ankret paa bugten, vi maatte føre kuer og hester en stor førslebaat ut til skibet. Brygge fandtes ikke. Ved 10 tiden gik baaten med 112 kuer og 11 hester om bord i et herligt stille veir.

Det var blik stille utover Fjærlandsfjorden til vi kom forbi Balestrand, med smaa vind krusninger paa fjorden innover, vi stoppet ved Leikanger med en del folk som havde vært i bryllup inne i Fjærland de hadde ogsaa et lite musikorkester med som gik i land. Det var en hel opplevelse at reise innover, St Hans baal lyste paa mange steder og røken fra disse la seg som smaa slydder langs de høie fjellsider.

Vi kom til bryggen i Lærdal kl. 2 om St Hans natten. Lossingen av lasten gik ganske kvikt og kuerne ristet sig efter turen om bord og ruslet indover veien, da alt var kommet paa land saa hele forskibet ut som en fjøs og gamle kapt. Frøkne som da førte baaten udtalte at de kr. 200,- som betaltes var ikke mer enn mandskapet trængte for at gjøre skibet rent saa han kunne gaa med turister til Bergen næste dag.

Fra Lærdal drev vi opp Grøtahagen, der stoppet vi til 25 Juni. I Lærdal var det en ulidelig varme, saa tidlig om morgonen begynte vi at samle driften i Grøtahagen og saa bar det opover dalen i stekende sol, jeg var siste mand og samlet efter de stakkels kuer som søkte skygge inne i buskene langs veien, ovenfor Husum gik vi over en smal bro og saa bar det opover den bratte lien, det blev en tung slitsom tur oppover og to tre beist maatte sættes igjen de orket ikke mere.

Endelig naaet vi fjellet og trak pusten lettet efter en meget anstrængende dag. Ved en sæter slog vi leir for natten, der stoppet vi over en hel dag for at hvile ut og efternølerne som gikk nede i lien blev hentet efter.

Broder hans forlot oss her, han skulle eksersere paa Nordfjordeid, vi fortsatte 5stk. Fra Lærdals sæteren fortsattes indover høifjellet der var ingen havn eller beite for kuerne saa turen gik næsten et helt døgn innover til vi naaet Førdalen i Hallingdal, der var beite og det ble en dags hvil. (Fønstelien 1998: 86 ff). Erik Fønstelien busette seg seinare i Måløy, der han etablerte seg som handelsmann og etter kvart stifta familie.

Driftehandlar Rasmus Hole

Ein annan kjend driftekar var Rasmus Hole (1839-1925) frå Bryggja i Nordfjord. Notisbøkene hans frå 1896 til 1904 gjev oss verdfull informasjon om driftehandelen, men han dreiv med handel i ein mykje større periode enn dette, ja, frå før 1870 og fram til 1914. Han dreiv med hestehandel og skreppehandling over store delar av Sør-Norge. Rasmus kjøpte opp hestar over heile Nordfjord og frå Sunnmøre.



Rasmus Hole og kona Karianne. Rasmus var på farten mesteparten av året så det fall mykje ansvar på kona Karianne f. Ødegård, frå Berle. Dei hadde åtte born. Driftene austover og til Trondheim tok vekevis. Store delar av området var høgfjell og det skulle nøyaktig planlegging til. Det var husmora som hadde ansvaret for at mann og born hadde tenlege kle, vadmelskle og ullkle laga av råstoff frå eigne dyr. Mannen hadde ansvaret for skorne. Karianne Hole hadde ansvaret for utrustning til sine eigne og til dei unggutane som var leigde til å vere med i drifta.

Om ei av driftene Rasmus Hole var med på ca.1890, skriv ein av etterkomarane, Torleif Rimstad dette:

Eg har sikre opplysningar om at desse hestekarane var med i drifta: Ola Solibakk (bror til bestemor mi), Berge Humborstad, Sivert Bugjerd og Johan Tømmerstøl (frå Kjøltsdal) og så Martin Kopparnes og Hans Almklov frå Sunnmøre. Men eg veit ikkje om det var ein eller fleire av desse som var med på kvar drift. Sannsynlegvis fordelte dei seg på fleire år. Drifta starta på Maurstad der dei kom med hestane frå sørsida av ytre Nordfjord med båt. Frå Selje kom dei over Berstadeidet og til Rimstaddalen og frå Sunnmøre over Maurstadeidet. Dei gjekk vidare opp Naveosen over Dua og til Kjøltsdal og dei gamle ferdselsvegane langs nordsida av Nordfjord.

Dei batt den eine hesten i rumpa på den andre så det vart ei lang rekkje. Bindinga måtte gjerast ordentleg så dei var sikre på at rekkja hang i hop. Erfaringa fortalde dei kor lang taum det skulle vere mellom kvar hest. Var det slett, god veg hadde dei kort avstand. Var det ulendt, måtte kvar hest ha litt meir valfridom for å kome fram [...].

Problemhestar vart plasserte sist i drifta. Dette var kjent, derfor kunne det vere visse vanskar med å få selt den siste i drifta sjølv om det var den snillaste hesten i verda.[...]

Då dei kom til Oppstryn, (kan henda tok dei båt frå Nordfjordeid til Stryn), måtte dei ta eit vegval. Dei kunne ta opp Hjelledalen til Videseter, Tystigen og austover der. Eller dei kunne ta opp Sunndalen, gjennom Romsdalen eller frå Greidung i Erdalen og over Jostedalsbreen til Ottadalen. Dette var den stuttaste vegen, men dei var også avhengig av at det var framkomeleg over breen. Som den dyktige hestekaren Holen var, hadde han nok orientert seg om det. [...]

Det er sikre utsegner om at Holen reiste med hestedrift frå Greidung og over til Fåbergstøylen til Jostedal og vidare til Lærdalsmarken, men eg har ikkje treft nokon som kunne gi detaljar om turen til Lærdal. (Lærdalsmarken var 14. juni)[...]

Matias, son til Rasmus, f. 12.11.1879 var med far sin austover 14 år gammal, altså i 1894. Når du var 14 år, var du rekna som vaksen, og det vart stilt krav til innsats deretter. Og enda viktigare, dei sjølve ville vere vaksne. For eigen del kan eg seie at eg aldri seinare har kjent meg så vaksen som då.

Det var truleg at Matias måtte mase ein del med mor Karianne før han fekk lov å vere med på ein så slitsam tur som dette var [...] I 1894 veit vi at ruta gjekk opp Hjelledalen, Videseter og Tystigen. Dette var året før Strynefjellsvegen vart opna.

Matias vart med til Otta. Der vende han og gjekk heile vegen heim att til Hole. Etter Norsk vegbok er det 275 kilometer. Det er vel truleg at vegen hans var noko stuttare, for dei gamle rekslevegane tok like over fjella. Men det var nok ein sliten kar som syntest at det var godt å kome heim att til ho mor.

Vi synest at det vart stilt urimelege krav til desse unngutane. Men livet var slik, og grunnen til at dei var med denne delen av drifta, synest å vere klar. Hestane måtte få tid til å beite på turen. Rolege og sikre dyr kunne dei berre sleppe i terrenget i utmarka og kople dei inn att i drifta når dei skulle vidare. Men det har aldri vore berre rolege hestar. Nokre av dei var "taksjerre", som dei sa. Dei som dei kjende seg usikre på, måtte dei sikre på andre måtar. Dei batt saman framføtene deira (hoppelle), eller dei rett og slett måtte halde i taumen medan beitinga stod på [...].

Frå Otta kunne dei ta vegen nedover Gudbrandsdalen eller nordover mot Trøndelag. Dette vegvalet var sjølvstøtt gjort før drifta starta. I 1900 gjekk drifta mot Austlandet. Det veit vi av at Tobias Solberg, Tretten i Gudbrandsdalen, kjøpte to hestar. Det var Årøhesten (frå Vanylven på Sunnmøre) og Kråkeneshesten (frå Vågsøy i ytre Nordfjord). Den første var kjøpt for 320 kroner; den siste for 360 kroner. Tobias betalte 760 kroner for begge. Holen tente altså 80 kroner på desse to hestane. Dette var god fortjeneste.

Vi ser av lista over kjøpte og selde hestar (18 stykke) i 1900 at han tente gjennomsnittleg 17 kroner og 22 øre pr. hest. At hestane vart betre betalte på Austlandet og i Trøndelag var sjølv bakgrunnen for at hestedrifta gjekk den vegen. I notisboka finst det ikkje andre namn enn Solberg frå drifta mot det sentrale Austland. Men eg har andre muntlege opplysningar som viser sikkert at Holen var på Vingersmarken og på Jessheim, men ikkje nokon sikre årstal.

Når dei kom til Lillehammer, gjekk dei Totensida av Mjøsa. I Biristranda fekk dei klunder med nokre fulle karar som køyrde att og fram gjennom drifta. Berge Homborstad og Sivert Bugjerde ropte til Holen: «Kva skal vi gjere med desse galningane?» Han svara: «Slå dei i hel! Det gjorde dei ikkje, men den kjempesterke Berge slo kloa i karane og kasta dei nedover vegskråninga. [...]

Krøter- og hestehandlarar har fått ord på seg for å ha ei fuktig livsførsle. Det er nok ei myte. Den som skulle drive dette, måtte ha vurderingsevna i orden. Det nytta ikkje å setje vett og forstand ut av funksjon. Alle krøterhandlarar eg kjenner er nøkterne folk, og for dei to som eg har fått grundigare opplysningar om, Rasmus Hole og Ragnvald Homborstad, veit eg at det er tilfelle. Den siste har vore avhaldsmann all sin dag.

(Rimstad, Torleiv: Driftehandlar Rasmus Hole. I Årbok for Nordfjord 1997, s.160-174.)

Henrik Nitter Røneid

Henrik Røneid var frå Gaupne i Luster og dreiv med fehandel kring år 1900. Han reiste over Jostedalsbreen med drifter i seks år. Det var onkelen som fekk han med første gongen. På sine eldre dagar skreiv han ned ein del av dei opplevingane han hadde i samband med driftehandel. Her kjem, ordrett, litt av det me finn i notatane hans:

Rundt hundreårsskifte var det mange her frå Luster, som handla på fe og lenger atende var det mange fleire. Det var og ein del fekarar som vart rike, etter den tid målestok, men det var og dei som brukte mangt eit "Knep" som ikkje kunde vera noko å skrifta av, både når dei kjøbte ei kyr, og når dei selde. Det er fortalt om to fekarar frå Luster (eg trur mest dei var brør). Når du vilde visa kor mykje dei hadde tent på handelen det året, viste dei det på ein eiendomeleg måte. På den tid brukte dei strikkahuvor "Clauhua" med fleire kvite render runt på opslaget. Når dei ein preikesundag kom til kyrkje, slo dei op på opslaget ei kvit rand, for kvart hundra dalar dei hadde tent det året. Eg hadde ein onkel (fastermann) som dreiv med fehandel, han var noko på åra komen før han byrgja. Det hadde seg so, han hadde ein son som dreiv med fehandel, han døyde, og då faren måtte austover å krevja det sonen hadde til gode, vart det til han fortsette med handelen etter sonen. Før eg var konfirmert, sa han at eg måtte verta fekar, eg skulde ikkje liggja i "divan" sa han, eg skulde vera med han i handelen og verta "rik", men rik vart eg nok ikkje. Eg vart konfirmert våren 1898. Om vinteren 1898-99 gjek eg på framhaldskulen, den vart halde til i Øvrålo i stova der. Læraren vår var Hans Vigdal (LI-Hans).

Når det leid om jul 1899 kjem "Lærdølen" (eg kjem kanhende til korta namne hans med Leirdalenonkelen min). Han vilde eg skulde vera med til Nordfjord på fehandel, han hadde ikkje vore der før han heller, han hadde før kjøpt fe her i Luster. Då han fekk veta eg var byrgja på framhaldskulen, sa han det var reine dorskeskapet, det var noko eg ikkje hadde bruk for, men eg helt fram til skulen var slutt.

Henrik Røneid og onkelen kjøpte fe i Hornindal, Olden og Loen og dei hadde fast sankedag på Tonning i Stryn:

[...] Då det ikkje var vegsamband frå Olden og Loen til Stryn leigde dei seg store føringsbåtar, når det ikkje høvde med rutebåten, å frakta fe til Visnes, men frå Horningdal var det veg, so dei kom leiande med dei til Tonning. Skikken den tid, var at dei me hadde kjøpt kjyr av, skulde ha ein dram "sankedram".[....]

Frå Greidung reiste me so i 2-3 tida om dagen, då me helst vilde reisa over bredden om natti. Leirdølen var alltid føre med hestane. Me for forbi to støla Storsætra og Vetledalen, eit stykje fram um Vetledalen byrgja opstigingi til bredden. "Skårani" op skårane til bredden måtte me vera mange mann, me kunde mest ikkje ha meir en 6-7 festykjer kvar, då der mange stader var so høge steg at med måtte hjelpa til og stiga under dei, før me kom på bredden måtte me høgt op i fjellet, og so bar det nedover at til bredden.

Då me kom på bredden, hadde me ikkje bruk for alle man, men dei eg har nemd namn på var med over til Piasetra i Jostedalen. Over bredden hadde me denne gongen fint ver, snøen var fast, men ein og annan gongen bråta hestane i gjenom so det såg ofte nifst ut. Leirdølen som oftast reid på kløvhesten, og når hesten bråta neri til op på siderne, var det let for Leirdølen å koma av hesten. På Jostedalen var der ingen vanskar å koma av bredden. Men frå bredden til Piasetra måtte me over elvi, som kom frå bredden, då elvi rann i krok og krins heim etter grandane, måtte me vassa yver same elvi fleire gonger. Det var å byrgja med kalt på føterne, men merkelig nok, når me hadde vassa ei stund vart føterne varme.

Når vi var komne til Piasetra og soli varma, drog me av oss sokkane, la dei på ein stein til turk, sjølv la me oss ute på stølsløen å todna klædi me hadde på oss, det hadde vorte lite med søvn på turen, so me somna fort. [...]

Røneid fortel om ein annan tur over breen med drifter: *[...] Noko eg hugsar serskilt, var ein gong me reiste med fe over bredden, ei stund etter me var dregne frå Greidung, byrgja det å reigna nokso mykje, so me vart våte like til skinnen, men når me var komne eit stykje inn på bredden, klarna det op, og når me kom på høgdi på bredden, hadde det frose stiv skare på snøen, so ongefet gjek oppå skaren, medan storfeet bråta gjenom og skar seg i kvasse*

skarekanten so blodvegen viste bort eter bredden, der dei hadde gåt. Då det var om natti, måtte me legja oss i ro til soli rann og lina skaresnøen, me måtte venta i tre timar, før me fekk fortsetja, då me var gjennomvåte, røynte det og hart på helsa. [...]

Røneid dreiv dyra ned Jostedalen til Marifjøra. Der i frå tok han Fylkesbaatane til Lærdal.



... Innlastingi på båten var eit fele strev, då ei og ei kjyr måtte takast i heisen og heisast om bord, so det tok lang tid. Det var oftast trongt i lasterommet, so ein par mann måtte vera i lasterommet med på turen til Lærdal, å sjå etter at ikkje nokon av beisti vart nedtrakka, det vart ein fele varme av alle beisti som var samanstuva. Dei heisa alltid ned eit luftsegel, so det hjalp noko for dei som stod nerast.

Dei var ikkje å kjenna att verken feet eller folki som hadde vore i lasterommet då dei kom på land i Lærdal, slik dei vart tilklinte av lort. Me hadde alltid med oss stolkjerra og hestesele, so oover Lærdal og heilt til Tyen kjørde alltid Leirdølen føre med hestane etter, samanbotne...
(H. Røneid)

Drifta han fortel om her drog vidare til Maristova og Fillefjell. Dei hadde sommarhamna si ved Tyin. Her hadde dei leigd inn folk til å gjeta dyra om sommaren. Sjølv reiste Røneid og onkelen heim att og tok del i onna og anna gardsarbeid. På hausten reiste dei til Tyin att og samla feet. Gjatarane dei hadde leidd for sommaren, hadde då ysta ost og kjerna smør, som dei skulle selja austpå. Før dei reiste vidare til Valdres og flatbygdene hadde dei fekarshelg. Då var det lek og dans og feit rjomegraut.

Det var ikkje alltid like lett å omsetja dyra. Omsetnaden varierte etter kor godt år det hadde vore austpå: Ein haust me hadde sett av feet i Kolbu, hadde me att 8 hestar, det var umulig å få selt der. På Hamar skulde det vera hestemarken. Me bestemde oss for å reisa med hestane der me kunde få selt noko. Leirdølen var og komen til Kolbu, han rak utover på krov, han vart og med til Hamar. Henrik Leirdal tok kjøyrepreier med til Hamar, om ikkje me fekk selgja skulde Leirdølen og eg reisa til Oslo med dei. Me tok båten frå Kap til Hamar. Det var og komne hit ein del Sveinskar, som vilde kjøpa hest. Me var der i to dagar, men var umulig å få selt noko. Dermed måtte Leirdølen og eg reisa kjøyrande med hestedrifti. Fyrste dagen me reiste frå Hamar, overnatta me eit stykje nordafor Minnesund. Derfrå til Jesheim, om morgonen derfrå kjørde me til Lillestrømmen, der vart me ein par dagar, og so derfrå til Oslo, me fekk der stalrom i Brugata, me vart verande der i fjorten dagar, då hadde me selt dei. Onkelen gav seg med driftehandel i 1902. Etter det var Røneid heilt til Romsdal og kjøpte dyr. Henrik Røneid kjøpte dyr både i 1907 og 1908, då berre i Luster-området, men etter det var det slutt.

Produksjon av dyr

I Sogn var produksjonen retta mot sal av slaktefe til Austlandet. Arbeidsdelinga mellom aust og vest gjorde fehandelen mogeleg og lønsam. Dei kiloane dyra la til vekta si på sommarbeita utgjorde fortenesta til driftehandlaren. På sommarbeita kunne dei og gjera seg nytte av mjølka til ost og smør, både til eige bruk og sal.

Vestlandsbonden hadde nytte av drifte karen på fleire måtar. Gjennom han fekk dei kontantar for dyra dei selde, fekk høyra nytt og fekk kjøpa varer som dei elles ikkje hadde tilgang på. Mange bønder på Vestlandet spesialiserte seg difor på oppforing av slaktefe. Dei hadde kviger til utpå hausten andre året, og gjeld-oksar til dei var tre år gamle. Jølt-oksane, fra Jølster i Sunnfjord, vart rekna som det ypparste i sitt slag. Dei blei slakta 6-7 år gamle, og kunne då vega opp til 180 kg. Elles var vanleg slaktevekt under 80 kg.

For febygdene var vinterforinga flaskehalsen. Beita var så store at det eigentleg ikkje var noko grense for kor mange dyr dei kunne ha. Kunne ein greia å fora fram mange husdyr, så vart det gjerne eitt eller fleire dyr ein kunne selje. Sal av husdyr var gjerne einaste høve desse bøndene hadde til å skaffa klingande mynt i kassa. Pengane kom godt med til renter og avdrag på gjeld, og til skatt. Dei sette difor på så mange dyr dei kunne rekne med å fø fram over vinteren.

Sanking av hjelpefor var difor naudsynt. Dette kunne vera bork av hegg, osp og rogn. Ospebork vart mykje brukt som for til kyr. Dei mjølka godt, men mjølka fekk ein bitter smak. Bork av rogn var ikkje så nærande, men sette derimot ikkje smak. Borken vart blanda i stråforet i vårknipa. Mykje anna vart nytta til dømes kvist på selje, pil, ask, eik og osp. Kvisten vart hoggen og turka om hausten og fóra til hestar og kveg om vinteren. Kvistane måtte ein hogga tidleg på hausten, medan det enno var saft i blada.

Bjørkeris vart køyrt heim på vinterføre og vart nytta som middagsfór for storfe og geit. Småfeet i Nordfjord fekk småeiner ein gong dagleg. Furu- og granbar vart nytta somme stader. På Sunnmøre nytta dei fiskeslo, tørka sild og torskehovud til buskapen. Fiskeavfallet vart kokt og avkjølt før dyra fekk det. Nokre stader gav dei storfeet hestemøkk. Hesten fordøyde ikkje fóret like godt som kua og difor kunne dei nytta foret to gonger. Det gav gode resultat, truleg grunna stort innhald av vitamin B12.

Det vart sjølv sagt svelteforing av dyra, for målet var å setja på så mange dyr at dei akkurat greidde seg med fó. Så snart det vart grønt om våren, måtte dyra ut, som oftast alt i april. Om hausten gjekk dei ute lengst mogeleg. Vinterfóret måtte sparast.

Omfang

Sist på 1800-talet gjekk det om lag 1000 storfe og 300-400 hestar austover kvart år frå fylket vårt. Omkring 1840 var det til saman 600-1000 hestar og storfe som årleg kom ned Sværeskardet. Ein del av dyra vart selde som livdyr. Sognekyrne var kjende for å mjølka godt. Dei var ikkje drivne hardt. Sjølv om dei hadde vore dårleg fora, så kunne sjølv ei relativt gamal ku ta seg godt opp og mjølka særst godt når matforholda vart gode. Storparten gjekk likevel til slakt. Sølverksbyen Kongsberg, hadde åleine behov for 800 dyr årleg.


Kjøparane kunne vera bønder i flatbygdene på Austlandet, Lillestrøm, Oslo, Drammen med fleire. Erik Fønstelien skriv om kjøparane i dagboka si:

Kunderne var for os som havde Nordfjordfæ mest arbeidere ved de forskjellige bedrifter, Sølværket, Vaabenfabrikken og sagbrugsarbeidere. Iblant solgtes også til opkjøpere som reiste videre nedover til Horten, Drammen og Larvik. Til gaardbrugerne gik mindre av Nordfjordfæet, det hændte dog iblandt at de kjøbte til slagt, antagelig foret de da bestene utover vinteren til prisene ble bedre.

De hester vi hadde med fra Nordfjord blev solgt i Opdal og utover Numedal saa vi hadde som regel ikke saa mange igjen naar vi kom til Kongsberg, der blev de da byttet og solgt resten.. Ei drift var på ca. 30 dyr. Som oftast gjekk 2-4 driftehandlarar saman om drivingi. Samla storleik på storfedriftene kunne difor vera 100-140 stykke. I Rauland hadde bøndene 650 framande kyr på beite i 1870-åra og i 1874 vart det drive 163 storfe i samla flokk frå Nordfjord til Numedal.

På Eiker måtte det kring år 1750 fleire store fedrifter til for å dekke etterspurdnaden etter kjøt. Bøndene der kjøpte også smør, talg og gamalost. Det same gjeld andre flatbygder på sør-austlandet, men også skogsbygdene. Dei fleste som dreiv med skog austpå, kjøpte hest utanfrå. I 1750 var det jamvel mange av korngardane på Toten og Hedmark som kjøpte seg smør. Såleis var det stor etterspurnad etter husdyrprodukt over heile Austlandet. Denne kom i tillegg til avsetninga i byane.

Ei teljing frå 1891 syner at Davik hadde fire fehandlarar, Stryn hadde fire, Eid tre, Hafslø fem og Luster 24. Vidare var det åtte fehandlare frå Jostedal, to i frå Lærdal og 11 frå Borgund, medan Aurland hadde 52. Austpå hadde Ål så mange som 60, Hemsedal 26, Gol 0 og Øystre Slidre hadde 13 fehandlarar i 1891. (Ohnstad)



Organisering av driftene

Organiseringa av driftene starta i februar/mars. Då reiste fehandlarane frå Hol, Uvdal, Lærdal, Feios, Arnafjord og andre plassar nordover i fylket for å tinga dei beste dyra til drifta. Mange hadde vore i byen på førehand og fylt opp skreppene sine før dei drog nordover.

Skreppekarane baud fram fine saker frå skreppa si der dei for. Det var ikkje rart at mang ei odelsjente fekk godblunken i augo når desse karane kom til gards.

Sjølv driftinga starta vanlegvis i mai/juni. Båtskyssen over Nordfjorden, Kjøsnesfjorden og Sognefjorden måtte dei tinga i førevegen. Desse datoane avgjorde kva tid driftene starta opp. Dei forskjellige marknadene hadde ein tydeleg samanheng med handelen austover. Dei starta opp i dei ytre bygdene, og drog seg innover fjorden. Såleis var det marknad på Nordfjordeid siste torsdagen i mai og på Sandane i Gloppen siste laurdagen i mai. Strynemarknaden var tidleg i juni.

Driftene låg i fjellet til sist i august eller byrjinga av september. Då var tida inne for å omsetja dyra. I oktober drog dei heim att til familien og anna arbeid fram til jul. Då var det å fylla opp skreppene att, men fyrst tok dei seg ein tur austpå for å krevja inn uteståande midlar.

Fagmannen

Storleiken på forteneista synte kor flink hestehandlar ein var. Det var mykje å ta omsyn til, kor gamal var hesten, var han tindleskyr eller godlynt. Ein god hestehandlar måtte kunna vurdera kring 30 ulike tilhøve ved ein hest. Dei såg det på augo om ein hest var snill eller vill.

Driftekarane ville helst kjøpa hestane uten sko, men sko skulle følgje med, så skodde dei hestane når dei kom til fjells. På vegen opp frå Stryn var det fleire stygge sva der hestane

kunne gli. Her plukka dei alltid skorne av, for så å setja dei på att når dei var vel oppe på fjellet. *På Vestlandet var hestane ute frå havkanten oftast uten sko; men lenger inne i fjorden, der hestane gikk i skogsarbeid om vinteren, ofte på hardt føre, var det nødvendig å ha sko.* (Fridtjov Isachsen)

Hestane på 1800-talet var mindre enn i dag. Rasmus Hole har skrivt litt om storleiken. Han skriv at ei toårs merr var fire stolpar (=133,5 cm) mankehøgde. Kor stor femårs «Storehesten» var veit me ikkje, men han kjøpte den i Ålfoten for kr 250 og selde den på Dovre for kr 330; dette var i år 1900.

Hestehandlarane var så røynde at dei ikkje hadde trong for noko målband for å vita kva hesten stod for. Hestehandlaren Lars Laum på Nannestad sa det slik då ein ville måle hesten:

Du ser nå vel hå stor den er?

Hestemålet var derimot i bruk mellom dei som handla sjeldnare, og då kunne det verte akkedering om stolpane alt etter som målbandet vart stramma til. Ein hestehandlar var kjend for at han hadde eit strekt mål i høgre jakkelomma. Det kjøpte han etter. Og det ustrekte målet i venstre lomma brukte han når han selde hesten.

Det kunne oppstå pussige situasjonar. Far til Ragnvald Humborstad, handla ikkje med andre enn sine egne hestar. Det var som oftast berre ein hest på garden. Dei fleste var der i årevis, så det vart sjeldan byte. Ein gong hadde han vore uheldig og fått ein krubbebitar. Treverket vart fort oppete og han hadde laga til krubbe av steinheller. Reiel kom på besøk. Han dreiv litt med hestehandel, og var klar over situasjonen. Då vi kom inn i stallen, sa Reiel: «Du har solid krubbe, ser eg.»

Ragnvald Humborstad fortel at prisane på krubbebitarane var nokså greie. Dei skulle seljast for halvparten av det dei elles vart takserte til etter alder og andre kvalitetar. ?

(Torleiv Rimstad)

Ei ku vart mælt og handfari på alle kantar og endar. Storleiken vart mælt med stolpeband, og ein god fekar kunne seia kor mykje ei ku kom til å vega når ho var så og så mange "stolpar over alnene". Og så måtte han sjå beinbyggnaden, kjenna på "mjølkemerki" og juret, ha greie på alder, kor mange kalvar ho hadde bore, om ho var "tidd" (hadde teke kalv) og kva tid ho skulle bera. Gav ikkje seljaren rette opplysningar om dette, kunne det koma attende på han sjølv. Sume fekarar kjøpte både kyr, uksar og kviger, andre berre kyr og atter andre berre uksar. (Oskar Nesse)

Det vert hevda at driftehandlarane var så opptekne av handelen at dei gløymde si eiga velferd. I *Frå Bygd og by i Norge* har Anders Ohnstad med denne anekdota om hestehandlaren på Voss:

Men tager vossingen det lett med rensligheten inde i familien, er hans oppmerksomhed meget sterkere rettet på hesten. Den er vossingens stolthed. Kommer der fremmede til gaards og finder en skidden kone og en flokk smudsige børn, vil ingen falde paa at føle seg generet, slett ikke manden, men er hesten upusset og vanskjøttet, vil man nok helst undgaa å la den vise sig.

Driftekarane visste at det ikkje nytta å ta kyrne rett ut or fjøset og setja dei inn i drifti; han visste kva strevsame ferder som venta og ville helst at dyra skulle ha gått ei tid på beite før sankinga tok til. Under driftinga hende det at dyr vart sjuke og andre kunne verta så slitne at dei ikkje orka setja føter under seg. Driftekarane prøvde å unngå dette ved å gje dyra trening, godt beite og kvile i hamnehagane, spesielt før dei tok over høgfjellet. Difor drygde ofte driftkarane lenger i dei faste hamnene enn bøndene likte.

Velfylt hestehandlarpung

Ein driftekar er ein mann som er skeiv eller låghalt avdi han stendig ber på ei tjukk, tung setlabok, sa skjemtegaukane. Andre meinte at det var eit statussymbol dette å ha ein stor kul

der setlaboka låg og av den grunn la dei gamle brev, ja, endå til potetkaker i setlaboka.

(Anders Ohnstad, i Bygd og by i Norge)

Det var ikkje så lite av eit lotteri å vera handelskar. Han hadde ikkje få utlegg: Fyrst innkjøp, så utlegg til frakter, jagarar, leige av hamn kanskje, gjetarar, og så måtte han bera risikoen, "obørgsla" som dei sa. Det hende nok at han miste eitt eller fleire dyr, og det vart reint tap før det vart høve til å assurera dyri, men det vart det ikkje før i den seinaste tidi.

På etterjolsvinteren gjekk oppkjøparane frå gard til gard i bygdene Borgund, Lærdal Hafslo, Luster og Sogndal og kjøpte sau som seljaren skulle levera når kjøparen sank fyrst i juni.

Dei betalte "handpenngar" for dyra. Desse kunne variera etter kor stor handelen var, og gjaldt som kjøpekontrakt. Kjøpar og seljar noterte vel kvar for seg pris og handpenngar, men eg hørde aldri at det vart skrive nokon kjøpekontrakt.

Når det så leid til sanketid, fekk seljaren bod om stad og tid han skulle møta med sauene. Då vanka det fullt oppgjer med frådrag av handpenngane, og gjerne ein dram som kjøpskål. Dei var ikkje gode å lura desse handelskarane, så eg hørde ikkje nokon prøvde seg med det.

(Oskar Nesse)



Anders O. Valsvik, 1891-1971.

På den tidi var det lite pengar mellom folk og ofte vanskeleg å selja hestane. Stundom fekk hestehandlaren litt av salssummen og resten vart betalt seinare. Det kunne og henda at ein aldri fekk pengane. Då måtte far reisa attende og henta att hestane, fortel Konrad Valsvik om far sin, Anders O. Valsvik, ein ung hestehandlar frå Arnafjord. (Eigar av biletet: Konrad Valsvik)

Når driftekarane var på "sanken", det vil seia at dei skulle sankta dei dyra dei hadde tinga på seinvinteren, var det fram med den velfylte hestehandlarpungen og gjera opp for seg etterkvart som flokken voks. På ferda sørover i fylket kom stadig fleire dyr til, og nokre selde dei vel og, på dei marknadene dei passerte. Dei betalte alltid kontant, så det var ikkje lite pengar dei bar på. *Det hende at dei overnatta på hospits og då var det ikkje nøkkel til romma. Då måtte dei vera varsame med kor dei hadde pengane. Setlaboki vart som regel lagt under hovudputa i senga. For å sikra døra, sette ein stolryggen under dørklinka, då vakna ein dersom nokon kom inn i rommet.* (Valsvik)

I dei ytre Sunnmørsbygdene, var det ikkje vaksne mannfolk heime på gardane på den tid av året, dei var ute på fiske. Det var difor konene som måtte stå for hestesalet. Men dei hadde god greie på hest, og visste kva dei skulle forlanga.

Fleire bønder austpå, i Hallingdal til dømes, stod ofte i gjeld til vestlendingane. Det var ikkje

uvanleg at dei fekk kreditt, til inntektene kom om hausten og vinteren. Driftekarane måtte då ut på "kravet" som dei kalla det. Dei skulle rundt og henta uteståande.

Når dette var gjort og setlaboka var fylt opp, var det å fylla skreppa att og reisa på ny tingingsferd.

Me fekk sjelden eller aldri kontant betaling, men eit prov på kor mykje me hadde til gode. Me ordna oss oftast slik at me slo lag to og to. Den eine drog austetter om våren på oppkrav, den andre for nordetter på oppkjøp. Me for ofte same vegen år etter år og laut då stella oss vel både med seljarar og kjøparar slik at me var velkomne att neste gong fortel Lars K. Loven.

(Anders Ohnstad, i Bygd og by i Norge,)

Ei historie fortel om Olav Avdal frå Årdal som var ute på "kravet" ein gong. *Han hadde selt noko fe til ein slaktar i Kristiania. Han kravde og kravde og venta oppgjær, men ingenting fekk han. Avdalen drog då til slaktaren, og slaktaren tok vel mot han. Dei gjekk inn gjennom tre dører, og for kvar dei gjekk gjennom, snudde slaktaren seg og låste att. Han saug seg no på Avdalen og ville ta livet av han, men det skulle han nok ikkje ha gjort, for han Olav la slaktaren i golvet, drog opp setleboka hans og talde opp dei pengane han skulle ha. Ut att or dette «syndens hus» sprang Avdalen gjennom dei låste dørene.* (Bygdebok for Årdal)

Prisane

Driftekarane skulle ikkje berre ha god greie på dyr, dei måtte og setja seg godt inn i marknadstilhøva. Rekneskapen hadde dei i hovudet. Fleire kunne korkje lesa eller skriva. Frå år 1600 til år 1800 varierte feprisane og hestepreisane svært lite og ein hest kosta ikkje så mykje meir enn ei ku. Begge gjekk for omlag 3-6 rdl.. Samstundes sto riksdalaren sterkt samanlikna med krona i dag.

På Læg Reid i 1717 vart Dagros og Bugås verdsette til 3 rdl. kvar, men Røsi kom opp i 4 rdl. Røsi måtte vera ei svært gild ku, for 4 rdl. er største kuprisen ein finn frå 1671 til 1736. I 1765 vart kua «Lita frue» på Læg Reid verdsett til 5 rdl. Det måtte truleg vera reine premiekua. Men det kunne og vera fargen som gjorde ho så verdfull. Overtrua kom ofte inn i biletet. Kanskje det kunne vera ei huldreku?

Den mest verdfulle merra i Årdal før 1800-talet hadde dei på Læg Reid i 1774.

Ho var ulveblakk og verdsett til 9 rdl. Også her kom truleg fargen og overtrua inn i biletet.

(Bygdebok for Årdal) I 1804 vart ei ku i Vik verdsett til 9 rdl. og ein sau til 1 rdl. og 1 mark. Til samanlikning vart ein koparkjel i same buet verdsett til 7 rdl. Skifteomkostningane var 11 rdl. Ein gjestgjevarstad med 12 hus vart omsett for 2500 rdl. (Pridlao Nr.1, 1993)

I 1875 var det stor skilnad i pris for hest og ku. Ei ku kosta no 18 spesidalar, mens ein hest var vedsett til omlag 75. Ein spesidalar vart i 1875 fastsett til 4 kroner. Prisane heldt seg nokonlunde stabile fram til 1. verdskrig. Då vart prisane nærast dobla og nokre år seinare, under etterkrigs-krisa, var prisen for ei ku heile 600 kroner og for ein hest 1500 kroner.

Prisauken kom sjølvsgatt av at etterspurnaden i krigsåra auka. Seinare gjorde også inflasjonen sitt.

Guttorm Bjørgum, 1834-1910, frå Aurland, var ein av dei store driftekarane og dreiv storveges frå 1860 og til litt over hundreårsskiftet. Han sa ein gong: «Kostar turen frå Aurland til Modum meir enn 5 kroner, so æ da før mykje».

(Anders Ohnstad, i Bygd og by i Norge)

I Cappelens turhåndbøker, 1994, er det fortalt ei historie om Eilev-Knut (Knut Eilevson Veum, 1833 – 1915), ein driftekar frå Aurland. Eit år han var på handel i Sunnfjord var prisane låge og det var mykje dyr å få kjøpt, men karen slapp opp for pengar. Han hadde uteståande pengar i Hallingdal og då var det berre ein ting å gjera. Han tok i veg over Gaularfjellet, kom ned i Vetlefjorden, fekk låna seg båt og rodde til Fretheim i Flåm. Vidare fór han over fjellet om Geisme og Brimtvora, over Geiteryggen og ned til Strandavatn og vidare til Hol og Ål. Der fekk han inn pengane han hadde til gode. Så fór han same vegen attende og heldt fram med innkjøpa i Sunnfjord.

Økonomi

I mellomalderen fekk ikkje bøndene lov til å drive handel utanom det dei trong til eige bruk. Handelen var eit privilegium for byborgarane. Skreppehandling var likevel vanleg på denne tida. Det veit me av di Kong Håkon Håkonsson i 1200-åra sette strengt forbod mot omflakkande handelsfolk. I ei kongeleg forordning heitte det: *Alle vil fare i kjøpferd, så landet ødes [...]. Det blir snart ikke arbeidsfolk igjen i bygdene.*

(Fønnebø: Nordmannsslepa)

Under eineveldet frå 1660, vart handelsrestriksjonane endå strengare. I 1662 skriv prost Iver Leganger i dagboka si: *Bergensborgere ancke meget paa at Hallinger og Waldersbønder kjøber Fæ af Bønderne her udi Sogn, haffue forhverffuet Cancelliets Forbud etc.*

Kommisjonshandel var ulovleg på 1700-talet. I prinsippet var også handel med dyr ulovleg. I Aurland skal det ha vore vanleg at dei mange driftekarane som var der kamuflerte den eigentlege levevegen dei hadde ved å ha eit småbruk eller ein husmannsplass.

Slik heldt det fram heilt til 1840-åra, då det kom meir liberale handelslover. Reaksjonane kjem fram femårs-meldingane i 1850-åra, der det står at *disse landkræmmere* tek omsetnaden frå bykjøpmennene. Byborgarar og embetsmenn reiser ein heil strid mot marknadene; embetsmennene av di dei fylgde fyll og usømeleg livnad med marknadslivet, og byborgarane av di dei hadde ein retten til å driva handel som *erhverv*, både som attåtssyssel og som hovudyrke.

Det hadde mykje å seia for økonomien til driftehandlaren kva slags år det hadde vore på Austlandet. Hadde det vore ein god sommar og bøndene hadde fått samla mykje og godt fôr, kunne fekarane halda høge prisar og endå greia å verta fort av med feet. Hadde det vore eit dårleg år, kunne det gjerne vera vanskeleg å verta av med feet til lønsam pris. I slike år måtte dei gjerne jaga langt før dei vart av med alt.

Mange tente gode pengar, og brukte pengane til å byggja opp og dyrka gardane sine. Drifteigarane kjøpte ofte med seg større ting heim att. Driftekararen Arnfinn Vetti kom med eit verdfullt Toten-ur som framleis tikkar og går, sjølv om mannen er borte. Sjur Sjurson Arebru kom heim att med rosettkakejarn til alle døtrene sine. Slike hadde dei ikkje sett i Årdal før. Registrering av dødsbu gjennom tida seier noko om økonomien i driftehandlaryrket.

Nettoeiga i buet etter fyrste kona til Sjur Svalheim i 1740 var på heile 282 rdl. Dette utgjorde då verdien av 80-90 kyr. I skiftet etter kona til Eirik Anderson Læg Reid i 1802 synte buet ei nettoeige på 402 rdl. Dette var mykje pengar i den tida. Nils Jørgenson Øyri var driftekar kring år 1800. Det gjekk gjetord om denne mannen og mang ein storhandel han hadde vore med på. Sonen Jørgen var og ein dugande fekar. Men han vart lurt av nokre hallingar og tapte heile drifta. (Bygdebok for Årdal)

Det var ikkje alltid like greitt å få inn betaling for dyra dei selde. Ein mann i Sigdal blei i 1823 kravd for 23 spd. av Anders Fretheim frå Bergen stift. Sigdølen hadde kjøpt tre kviger av Fretheim, men nekta eitkvart kjennskap til det. Han kjende ikkje eingong Anders Fretheim, sa han i forlikskommisjonen. Men han slapp ikkje frå det med det. Han blei dømt til å betala dei 23 spd., 20 spd. i kostnader og enda 8 spd. til dei fattige i bygda av di han hadde halt ut saka. Frå 1820-åra og utover finn ein stadig nemnd driftekarar som gjennom forlikskommisjonen i Sigdal kravde inn oppgjær for driftehandel. I desember-møtet 1838 for Sigdal, var det heile seks forliksklager teken ut av *normennar* som hadde pengar til gode.

Det vart sjeldan forlik og sakene gjekk til retten. Kan hende hadde bygdefolk i Sigdal eit eige syn på gjeld til driftekarane, at den var det om å gjera å vri seg unna. I 1840 blei ein elles forsiktig kar der stemna til forlik av di han hadde kalla ein *normann* for *kjeltring*. Noko forlik blei det ikkje.

Driftehandlarane hadde altså store uteståande beløp. Anten det var skikken, viljen eller råda som gjorde det, kredittspørsmålet kom stadig opp. Den som ikkje ville eller kunne betale kontant, fekk som regel kreditt. Avtalen var gjerne det halve til jul, resten til marken, - ein av

dei store marknadene, Kongsberg eller Bragernes. Ofte vart det kravt kausjon. Husmannen fekk gjerne husbonden til å stå som garantist. Forlikskommisjonen fekk atskillig å gjera med slike gjeldssaker utover på 1800 tallet, særleg i tida frå 1825 til omkring 1890.

Ein får tru at dei fleste kjøparane likevel var av den ærlege sorten. Brevvekslinga til driftehandlar Knut Ytri frå Jostedalen tyder på dette.

(Utdrag frå Lustrafjell – om fjell og fjellfolk i Luster, Luster Turlag, 1994.)

Ytri dreiv med driftehandel i over 30 år. Her er eit brev datert 19. mai 1906, frå bygda Grøthe på Austlandet:

Jeg sender i dag kr. 100,00, da jeg ikke har mere penger i dag paa grun av jeg ikke har faat leveret det fe jeg har saalt. Men da jeg faar levere det saa skal du faa det hele beløb som staar igjen. Jeg berder dig saa venlig at du ikke gjør mig nogen vandel, det har været saa mange omstendigheder for mig.

Ærbødigst

Mons Nilsen Grøthe

Eit anna eksempel syner kan henda ein litt meir lettliva side ved driftehandelen. Dette brevet er datert 17. juli 1903:

Hr. Knut Ytri, Jostedalen!

I anledning af at jeg sist under Lærdalsmarken kjøbte en 4-aars gammel mørk-farvet hoppe af en mand fra Jostedalen mod at jeg betalte en del penge med det samme, resten skal manden have nu snart, maa jeg beklage at jeg saa skammelig glemte at faa mandens navn og adresse. Derfor maa jeg henvende mig til Dem, som jeg kjender, om du kan give mig underretning om mandens navn og postadresse. Han som jeg købte hoppen af var en nokså liten mand af vekst, med lidt gult sjeg. Jeg haaber saaledes at du erindrer hvad mand det var, og om du da vil være af den venlighed og snarest mulig give mig underretning derom. Jeg legger i brevet et tiøres frimerke til porto. Hermed du paa det mest venskabelige hilset er fra mig.

Ærbødigst

Gullak Hovland, Hegg p.o. Borgund

Til slutt eit gjeldsbrev, datert 22. september 1895, som syner korleis betalinga var avtalt.

Undertegnede erkjender herved at være skyldig til Knut Ytri fra Bergen stift den sum penger kr.210, thohundredethi kroner, som jeg forbinder mig til at betale ham skadesløst saaledes kr.70 til 1. Februar 1896, kr. 70 til 1. Mai 1896 og resten kr.70 til 1. September 1896. Renter betales fra forfals dag til betaling skjer.

Bjertnes den 22. September 1895 Olaus Knudsen

Skulle ein klara seg godt økonomisk som driftehandlar måtte ein også vera ein god menneskekjenner. Det var ikkje alltid like lett, noko fylgjande historie seier noko om. Hans Glømme, fødd på Snarum i 1853, i Sigdal, fortel om eit barndomsminne frå Snarum: *Gamle Uler'n, han satt med Ula på Snarum og var nok den rikeste i bygda, og han var ikke så lite orginal. Han brydde ikke med å ha lommebok til pengene. Han hadde kappet av en bogring, tatt ut halmen og satt i ei reim til å snøre igjen med. Denne bogringhysken bar han i innerlomma på bonsjuren. Han gikk i en eldgammel bonsjur, den skifta i alle farger, fortalte Hans Glømme, slitt og gammel som den var. Ingen kunne se på gamle Uler'n at han var pengesterk. Han var så flittig til å gå på alle auksjoner, men brydde seg lite om handelen, han likte bedre å ha prat med ungene. De kringrente ham og fikk ham i godlag. Det var mer moro å prate med Uler'n enn å høre på auksjonshandelen. Så han var noe for seg sjøl.*

Det lå en vestlending med drift nede ved Vikersund. Uler'n ruhsla rundt og så seg ut den største oxen som var i drifta, han trengte å kjøpe slakt. Han var sjølsagt i bonsjuren og en gammel hatt og blei nok taksert av vestlendingen ut fra det.

"Å my koster'n?", spurte Uler'n og pekte på den store oxen. "Ja, den er dyr," svarte driftekaren. "Jei spurte hå my han koster," sa Uler'n ganske rolig. Prisen blei nevnt.

"Ja, de var itte no'n upris. Jei tær oxen, jei," sa Uler'n. Driftekaren tok til å bli litt usikker.

"Kven går god for deg då?" spurte han. Ja, det har jei itte tenkt på," Uler'n tok god tid og tenkte seg om. Driftekaren var virkelig spent. Det var en forholdsvis stor handel det gjaldt.

"Tær du'n Nils Vikersund god nok?" Det var den nest rikeste i bygda.

"Ja, får du han til å gå god for deg, kan du gjerne få heile drifta," sa driftekaren.

"Ja, da får vi gå ner og prøve'n Nils Vikersund da."

Karene tok vegen bort til butikken hans Nils. De nådde trappa der.

"Stopp og bi litt," sa Uler'n," kanskje jei kan ha så pass på meg at jei slepper å bry'n Nils."

Han var nedi den djupe innerlomma på bonsjuren og halte fram bogringstompen, løste reima og tok fram en hel tull med sedler. Han kunne betale kontant. "Du må unnskylde meg, eg tok nok feil," sa driftekaren, han var riktig lei seg for det. "Det skær du itte bry deg om," svarte Uler'n." Du er itte den fysste som har tatt feil a mei.

Nokre driftekarar hadde også sine spesialmetodar når det stod om ein handel. Syver Qvammen frå Flåm kom i beit då han i 1859 handla med ein umyndig person i Krødsherad. Det gjaldt ein hestehandel. Det sto 19 spd. i rest og dette skulle betalast til 19. oktober. Dette skjedde ikkje og difor kom kravet året etter, då med 5% rente. Men så kom det opp at karane hadde tura samtidig med at dei handla, og kjøparen var blitt fyllt opp så han var *utilregnelig*. Han var forresten også gjort umyndig, men om det var skjedd i mellomtida, er ikkje nemnd. Vergen nekta å betala restbeløpet.

Tvilsame kjøparar kunne vera eit problem, men det kunne og vera andre og større utanforleggjande årsaker til at driftehandlarar fekk problem med økonomien. Mange mista alt dei eigde i den økonomiske krisa som fylgde med fastlandsblokaden under krigsåra 1807-1814. Sameleis var det i etterkrigskrisa i 1920. Dette råka sjølvsagt fleire andre yrkesgrupper like mykje.

Under krisa i 1920-åra gjekk det gale for nokre av dei siste driftekarane frå Årdal. Nils og Arnfinn Vetti, Jørgen Eldegard og Ole T. Haug frå Årdal var alle velstandskarar, men tapte storparten av det dei hadde spart opp.

Om nokre var uheldige og tapte pengar, så var det nok likevel mange som tente godt.

Maten

Når somme driftekarar klarte å leggja seg opp pengar, kom det av at dei levde eit enkelt liv. *Her i fjellet kjende karane kokekunsten til steinalderfolket. Var gryta reist med farande fantar, koka dei velling og graut i vide lagga trekoppar. Dei vaska og varma opp småsteinar og kasta dei opp i mjølrøra. Avkjølte vart dei oppattfiska og utskifte med nye oppvarma. Dei kunne og kunsten å kinna smør utan kinne. Når gjetarane eller drifteegarane om morgonen skulle ut på dei lange fjellturane sine, hadde dei rømme opp i lagga vøtekollar med berereimar. Desse bar dei med seg på ryggen heile dagen, og då dei om kvelden kom attende til steinbua, var rømmen vorten til smør og saup.*(Bygdabok for Årdal.)

Flatbrød, spekemat og flesk var vanleg kost. I kløvkassar hadde dei gjerne mjøl, salt, turrsild og salta og tørka kjøt. Som regel var det nokre kyr i drifta som mjølka, og graut var vanleg. På sommarbeita hende det at dei kokte seg mylsa og rjomegraut. Kunne dei fiske i eit fjellvatn undervegs, spedde dei på med eit fiskemåltid no og då.

Eit augenvitne fortel i tidsskriftet *Under Norefjell*, om matstellet til driftekarane når dei kom til salsområdet Sigdal. *Karene gjorde opp varme der i hamnehagen og skulle matstalle seg. Jeg kan ikke minnes at jeg misunte dem maten, men det så ut til å smake godt. De skar skiver av spekelåret med tollekniven, braut flatbrød og åt det med smør og kvit ost til. En av karene tok en blikkopp og var borti flokken og mjølka i den. Så snart han kom tilbake, gikk koppen rundt mellom de tre karene og blei drukket tom. Det som forundra meg mest var at de drakk usila mjølk!*

Fønsteliën fortel om eit spesielt måltid dei hadde på fjellet i 1896:

Da vi blev forgiftet ved Sør-Selskjøndalen.

Vi var nettopp kommen tilhavns, veien det aaret var fra Lærdal over Hallingdal til havns.

Det traff sig saa, der var flere mand som var der første dagen. Det var jægere efter falk og merakke (Blaarev) fiskere etc. Den nye kobberkjel vi havde kjørt med Os i kløv fra Vestlandet blev gjort ganske godt ren og vi skulde koke Haglette (Dravle) det vilde alle ha før de reiste hjem. Vi melket fuld kobberkjelen, den stod natten over, saa vi fik fløte, saa blev den ostet og i løpet av dagen kogt til deilig «haglette».

Da den var ferdig blev melk med fløte slaat paa og det blev spist godt av de fleste efter den var helt kjølet. Jeg mærket en skarp bitter smak og varslet om det, men de fleste forsynte seg durabelt av ostekjelen. Det var saa mange at vi satte telten op og laa 4 man i den, de andre laa i hytten.

Vi gik tilkøis, men en kammerat begynte at klage for magen og tørst. I hytten blev de ogsaa uvel og tørst, der blev drukket nysilet melk, hele mandskapet måtte paa benene og det blev en uhyggelig nat, for de fleste måtte bort mellem stenene og haugene, der hørtes rop og mindre pene uttrykk om det forgiftede maaltid alle havde nyt. Kobberkjelen med irr fik skylden og det blev senere passet paa at denne var blank naar den var i bruk.

Kva hadde dei på seg?

Om hest og fe hadde gode tider på sommarbeita, var det nok ikkje alltid slik for gjetarane og drifteeigarane. Å vera driftekar kunne vera eit hardt liv på fleire måtar. Dei sette ikkje store krav og overnatta der det høvde, i steinbuer, under hellerar, i uthus og i høyløer. I sure netter var den turre skinnfellen beste trøysta deira. Ofte overnatta dei under open himmel, til og med på høgjellet. *Eg la meg på ein sprakabase og klarde meg godt, og han Jens flekte ei stor torva av eit svadberg og kveivde den over seg. Det var reint som å liggja under ei dundyna.* fortel gamle Eirik-Knut i *Bygd og by* i Norge av Anders Ohnstad. Oppfinnsame var dei utan tvil.

Berekvamskarane, frå Flåm, var kjende handelskarar. Ein av dei, Jens Berekvam (1872-??) fortalde: *Da kunde bli kaldt sist i august, like før me drog austover. Ein gong då me låg i telt, kom det ei haglbyga om natti. Håret mitt hadde kome ut under teltkanten, og då eg vakna om morgonen, låg eg fastfrosen til marki [...].*

Sume gonger heldt det på å gå reint gale, soleis ein gong då ei drift var komen til Geitaryggen. Det sette til med slikt snøvær at me heldt på å setja livet til. Det var med harde naudi med fekk berga oss ned frå høgjellet.

Det er skrive ned og fortalt soger der både driftekarar og dyr fraus i hel undervegs. Kom uveret på, hadde gjetarane ofte berre eit murhol å krypa inn i. Hestane sette bakendane inn mot store steinar og tuer, og kyr og stutar kraup saman der det fanst ein krok. Ein gong numedølene kom over Vossaskavlen med ei drift, braut det ut uvér, og då dei endeleg berga seg ned i Grøndalen, låg der att sju naut oppe på skavlen.

Klesdrakta til driftekarane skifta lite. Dei gjekk i vadmålsdress, grå eller svart, ullundertrøye og skjorte, skinnhuve og tesesko. Mot slutten av driftehandelperioden gjekk fjellkarane over til beksaumsko, puttis, leggings og vindjakke. Driftekarane var godt herda og spreke karar.

Men nordadri i fjellet, gjennomvåte klede, blåfrosne hender og føter og einaste ly under skrentar og hellerar sette sine merke. Det fekk dei att for i alderdomen.

Helge Dalåkre reiste med ei drift og møtte rasande styggever mellom Sletterust og Tyin. Med buring og beljing skapte dyra seg heilt ustyrlege og ville ned att mot bygda. Helge og karane hans heldt på og skulle stupa i denne harde striden. Då sa han Helge: «Hadde eg no hatt eit grisehus å krypa inn i, skulle eg betalt 5 kroner.» [...]

For kring hundre år sidan bygde Sjur Sjurson Årebru og Vilken Hæreid opp kvar si steinhytte på Breikvamsodden. I desse var det peis og romslege hellebriskar, krakkar, hyller og andre gode greier. Det var reine hotella, samanlikna med dei små gamle «krypinn».
(Bygdabok for Årdal)

Eit anna og noko spesielt krypinn fortel denne historia om:


Skal ein gå over breen frå Lunde til Fjærland, må ein gå over Marabreen. Til dette namnet knyter det seg ei gammal segn, eller historie, om ein vil. For sant skal det vere.

I Fjærland budde det i gammal tid ein kar som vart kalla Store-Bøyumen. Han var bonde og fehandlar og ein merkeleg skrue på mange vis.

Men ein dag seinhaustes skulle Store-Bøyumen gå over breen til Jølster med ein hest. Komen vel opp på breen, fekk han brått tjukke snøkaven på seg. Gjekk han att og fram, ville døden ligge å lure i sprekkar og revner, så det var ikkje til å tenkje på. Ikkje kunne han verte ståande roleg heller, for då ville han fryse i hel. I ein slik situasjon var gode råd dyre.

Men Store-Bøyumen visste råd. Han drog fram fehandlarkniven sin og rende han til skaftet i hestestrupen. Deretter spretta han opp merra, tok ut magen og kraup sjølv inni.

Blodut og stygg var han då han kom fram til folk neste dag, men han hadde hatt det varmt og lunt i merramagen, og livet hadde han berga. Etter denne hendinga er det at breen har fått namnet sitt, mare = merr. (På folkemunne 4. Bygdafolk, PTK, Førde 1983)



Røvarar

Uver var ikkje det einaste driftekarane hadde å kjempa med i fjella. Det var ikkje ufarleg med omsyn til røvarar heller. Både dyra og hestehandlarpungen må ha vore lokkande på enkelte og nokre gonger gjekk det diverre heilt gale.

Å vera ute på «kravet» kunne vera livsfarlege turar for mange. Setlabøkene var tjukke og ein stygg lokkemat for tjuvar og kjeltringar. Fehandlarane Olav Avdal, Hermann Ve og Knut Lægreid frå Årdal fekk røynta dette i 1830-åra. Dei kom ridande hit att mot Valdres, heim att frå «kravet». Då oppdaga kjempekarane Olav Avdal at det rørde seg noko under bruladet dei skulle rida over. «Lat meg få ri føre, karar, » sa han. Fram kom det farande tre fæle illgjerningsmenn. Stakkars travalakane, dei visste nok ikkje at dei her gjekk mot ein av dei beste kjempekarane Årdal har fostra. Etter ein blodig kamp tok to av skarvane til røming, og den tredje låg tilsynelatande livlaus att på vollen. Det skulle vera uksepeisen til Avdalen som tok knekken på røvarane, og etter den turen skulle uksepeisen aldri hanga still på stabbursvegen. På resten vart dette så nifst, at ei kone på Avdalsgarden kasta uksepeisen ut over eit høgt gjel ei tid etter.

Verre enn med årdølene gjekk det nok driftekaren Eirik Høyheim frå Luster. Han var på tilbakeveg frå «kravet» og skulle gå over fjellet frå Årdal til Luster. Han overnatta på ein fjellgard, og setleboka førde nok diverre bondesonen der ut i freisting. Han sette etter Høyheim, og nådde han att på høgfjellet ved Ryvatni. Driftekaren vart funnen att nokre månader etter. Ei stor rettsak kom i gang, men ordet seier at mordaren gav skrivaren ein stor ukse, og slapp unna straff.

I eldre tid hadde driftekarane med ein kløvhest og minst ei bomme. I bomma hadde dei ofte pengane sine. Difor hende det nok at vaktsame augo følgde kløvjabomma. Ein gong ikring 1800 drog Olav Olson Ve gjennom ein skog austafør. Då bykste det brått fram ein kar frå skogkrattet, knuste ei bomme og fekk tak i den store setlaboka. Før driftekaren rakk samla seg, var røvaren borte i tjukkskogen.

Jørgen Eldegard vart ein gong ille ute oppe i Grønna. Han gjekk frå Nystova over fjellet til Årdal, heim att frå «kravet». Brått kom det smettande fram frå ein stein to føle, mystiske karar. Dei kom mot han, og Jørgen skjønna straks kva ærend dei hadde. No langa Jørgen av garde. Her galdt det livet. Røvarane sette etter han. Då Jørgen Eldegard kom til Skivarden, stana han og såg seg attende. På lang avstand såg han no at karane hadde gjeve opp jakta. Om kvelden kom Jørgen daudtrøytt inn i stova på Moa. (Bygdebok for Årdal)

Ei anna historie fortel om ein kar som måtte bøta med livet ved Vandresteinen etter å ha kjempa durabeleg mot eit fantefylgje på fem. Det var vossingen "Store-Knut" som var på veg heim over Hardangervidda med oppgjer for drifta. Den vinteren vart det nok svelt i hel for familien heime. Andre drakk og spelte bort fortенesta, men med dei fleste gjekk det bra.

Overtru

Driftekarane hadde óg dei underjordiske å vara seg for og ta omsyn til, noko desse to historiene frå Olav Sande i *Segner frå Sogn*, 1992, syner:

Handelskararne, som fer so vida ikring, dei ser no mangt og kjem saman med ymse slags folk. So var det ein stad - antan det var utanfyrre elder her inne i fjordarne ein stad, det ska' eg ikkje segja -, det var ein hestahandlar som tyktest merkja det, at kjeringsi der i huset var trollkjeringsi; eg veit ikkje, kvat han tyktest skynda det paa; eg hev 'kje høyr det. Men ein kveld i skymingi - dei er helst ute og gjeng daa dei, som er trollkjeringsar - ja, so ein kveld i sky-mingi, hestehandlaren hadde vore burt paa ein annan gard, vart han vár ei kjeringsi, som kom lurande fram fyr ein stein tett med vegen; han tykte, ho var so etande lik den, som han trudde var trollkjeringsi. Han gjekk med eit beitsel i handi, og det slengde han burtpaa henne fyr aa sjaa, og - jaumen sant vart ho upp til ei borkutt merr lell. Han leidde henne heim paa garden, sende so bod inn te mannen, at han maatte koma ut; han hadde ei fin borkutt merr, han vilde selja honom. Ja, mannen kom ut og saag paa merri. Det ser ut til aa vera ei bra merr; men eg kann slett inkje kaupa henne; for eg hev ikkje bruk fyr fleire øykjer, enn eg hev fyrr, eg, og det ser ut til aa verta litet um fodret ogsaa, fyrr sumarmaaldagen kjem; me var 'kje vitugare, me sette so mykje paa oss i haust; men, som eg segjer: eg trur gierna, det er ein bra arbeidsøyk.

Hestehandlaren vilde 'kje giva. seg; hinn maatte og skulde hava merri; det var 'kje til aa bed' fyr, det. Du lyt so hava henne, kor som er, du, sa' han, antan du vil elder ei. So tok mannen til aa drog paa det: Eg ska' no spyrja kona, sa' han og snudde seg og vilde ganga inn i stova. Spyrja kona, sa framandkaren, kona er ikkje inne no ho. Jauvist er ho inne, sa hinn; ho la' seg ne' fyr ei stund sidan; ho var 'kje radt frisk av seg, og ho laag uppi sengi, daa eg gjekk ut. Ja, men det var berre ei gjeit, det; gakk berre inn, ska' du sjaa det siølv, sa han. So strank han beitslet av den gilda borkutte merra - - der stod kjeringsi hans! Og, daa dei kom inn i stova, stod der ei graa gjeit og brækjade og skreik, so det kvein i heile huset. Henne hadde

trollkjeriingi skapat um til kona og lagt i sengi, og der laag ho, alt med kjeriingi sjølv var ute og for med trolleri kringum paa hine gardarne, - helst i fjos og løda, veit eg.

Sume av desse driftekararne skulde ogso kunna gjera ymist. Der fo'r ein, som var so brennande hugad etter ei kyri aat bror min; det var beste kyri, han hadde, og diso hadde han ikkje hug til aa selja henne; men drifte karen vilde'kje gi' seg; han reiste, og han kom att og fala' paa henne mange vendur; men bror min vilde'kje slaa henne fal paa nokor vis; var det likt seg daa - nei. So vart fekaren sint og meinte so til, at bror min skulde koma til aa gjera lika fyr stivhugen sin. Du ska' heretter inkje faa so stor nytte av denna kyri di, kor som er, so sant som eg heiter Per, skal ho mjelka klaare blodet imorgon dag, sa han. Ja, um morgonen, dei skulde mjelka denna kyri, mjelkade ho blod paa tvo spenar. Dei brukte mange raader; men det hjelpte inkje. Bror min gjorde paa traass og vilde endaa ikkje selja henne; han tykte, han ikkje kunde tru paa slikt fantri. Men kor det var elder ei, vart ikkje kyri bere, og so selde han henne til ein av grannarne der; han vilde sjaa, korleids det daa gjekk; men jau, daa vart ho god att trast.

Varpa me ser enkelte stader, skulle hjelpa mot og verna folk mot dei underjordiske. Varpa ligg igjen frå den tida som større eller mindre haugar med stein. Den som ville ha vern måtte kasta ein stein på denne bestemte plassen før han eller ho gjekk vidare.

Farlege rovdyr og lure knep

Rovdyr kunne sjølv sagt óg vera ein trussel for driftene og for buskapen på gardane. Det var lite ulv på Vestlandet på 1600-talet, men i fyrste halvta på 1700-talet auka talet på ulv monaleg. Dette verka inn på driftene med omsyn til kva dyr dei hadde med seg. På Vestlandet vart det truleg mindre småfe, mens talet på storfe auka. Det var ikkje berre dei store rovdyra som utgjorde ein trussel i fylgje denne historia:

Dei gamle hadde mange segner som reint fekk det til å grøsse i oss når dei fortalde dei. "Med vondt skal vondt fordrivast" - slik opna ein gamal driftekar denne saga som han fortalde frå ei ferd han hadde gjort austover: Han og kameratane hans hadde teke rast i eit dalføre ein stad med hestane sine. Det hadde vore uvér og slitsamt, men no klárna det opp og vart varmt og godt så dei fekk tørke kleda sine - på kroppen, sjølv sagt. Dei beitte hestane sine i ei solrik li og skifta på å vake og passe dyra. Då ein av karane hadde vore og vendt (samla inn) nokre hestar som ville reise på avveggar, møtte det han eit fælsleg syn då han kom attende: Ein svær hoggorm heldt på å krype ned i svelgen på ein av felagane som låg på ryggen og sov med vidopen munn! Han sprang til og ville rykkje ormen ut att, men greidde ikkje å få fatt i spælen på han før det var for seint - ormen gleid ned gjennom halsen og forsvann. Det vart stor ståhei, som ventande var. Kva skulle dei gjere? Ikkje hadde dei medisiner og langt var det til lækjar. - - - Jau, kom ein gamal fehandlar på, han hadde høyrte ein gong at maraland [merrapiss], nyss kome så det var varmt, skulle vere beste råda for innvollsorm. Enn om hoggormen og skydde den "medisinen"! Ein av dei fann ei bøtte og sprang inn mellom hestane i von om at ei av marane (merrane) i drifta skulle lende. No har hestane den vanen at om nokon let vatnet sitt, vil dei hine straks gjere det same. Dette visste hestehandlaren, sjølv sagt, og kom raskt attende med bøtta si full og til å renne landet inn i stakkaren som låg og vreid og braut seg så det var ein ynk, meir eller mindre medvitslaus. Og skulle du sett: om litt kom ormen opp att og rømde til skogs mellom lyngtuene.! Det vart ikkje spandert tankar på den karen meir. Etter at no maralandet hadde gjort sin verknad, måtte det ut att or vomba på mannen, elles ville han gå til av det. Først fekk han nokre dryge brennevinsdrammar, etterpå søt mjølk, det han greidde svelje. Til sist stakk dei fingrane i halsen på han, slik at han tok til å bryte seg, alt medan dei elta på han og trakka han på magen. Når dei trudde han var tom, tok dei

og rende i han nytt brennevin og etterpå mjølk att, og så vart det ny oppkasting. Etter å ha drive på med denne "terapien" ein 5-6 gonger, livna mannen til att, smått i senn.
(På folkemunne 2, Villdyrsoger, PTK, Førde.)

Nei, livet var ikkje enkelt for desse karane, men likevel kom dei att år etter år for å handla. Det var eit spanande og fritt liv med mange fine naturopplevingar, noko driftekar-visa under gjev uttrykk for.

Tolleiv driftekar's vise

*Eg gjette fe inni Skarbubeite i ungdoms år
Då var eg spretten og lett på foten, ha glatte kjakar og krusa hår
Eg spela frikar på Åmyrmarken, drakk og dansa med mangei dros
som såg seg glad i den spreke slarken som laug og lova og for sin kos*

*kring alle bygdar eg flaug og flakka i kvar ein gard
Rok som rekved i stryk og straumar og berga livet såvidt det var
Handla krøter og ty og sylvstas, filleklokkur og skog og hest
Fekk svirebrøar som klegg og ugras og tente pengar, men tapa mest*

*Ei jente ha' eg på To i Hjartdal som var meg god
Ho dotter var til ein gamal gniar, var blid og blåøygd og heitte Gro
Han fekk ho gitt med ein knark frå Eikja som samla småmynt i nottungsspann
Det var så vondt om den stakkars veikja at ho var selt te så vrang ein mann*

*Ei dotter med rek kring land og rike med Fredrik kniv
Mora drukna seg nedi Bandak ein jonsokefta, ho heitte Liv
Eg låg med drift oppå Tindaroe den same våren, då såg eg bjønn
han gjekk og grylte og nafsas groe i døllir nedmed ei lita tjønn*

*Eg såg så mykje og hørde meire av rare ting
når dagen gråna mot kveld på lega og skodda krulla seg rundt i kring
det sving og svenger i snér og snære og tassa labbar i skog og ur
skume skuggar sto tagde nære det gløste augo i røys og mur*

*Eg har ein son einstad uti Sauland, eg eingong for
Mora valde sitt eige beste og tok ein gubbe som åtte jord
Nå har ho vunne den store luten og sit som enkje med skog og gard
Eg tykkjer synd om den stakkars guten som ikkje kjenner sin eigen far*

*Eg drog med drift gjennom Grotvasshalsen, då var eg ung
Nå sit eg sturer på gamleheimen, arm og motlaus og støl og tung
Men enno minnast eg glade dagar med dans og dragsmål og jentelått
Eg lengtar opp att dit vinden jagar, på fjell som breier seg fritt og blått*

(Olav Flatastøyl)

Det fins truleg ulike tekstvariantar av driftekar-visene. Denne er nedskreven i Sauherad og kjelda er Håkon Underdal, Flåbygd. Underdal sette tone til visa ved å låne tone av Alf Prøysen si vise om den uheldige friaren. Då tilpassa han teksten noko.
(Opplysningar frå Kari Lønnestad, Folkemusikkarkivet i Telemark)

Sommarbeita

I Stemmerdalen var rikeleg beite for 800-1000 kyr og hestar, slik at det var mange karar som heldt til her oppe med kvar si drift. Dei budde i steinbuer som var bygde gjennom generasjonar. Ei bu gjekk i arv frå far til son.

Stien gjennom Såtedalen er del av den gamle driftevegen frå Voss til Hallingdal. Driftekarar frå Aurland og Voss hadde felæger ved Bakkahelleren på veg frå Flåm og Voss mot Strandavatn og Austlandet.

Gullik Støbet fortel at dei flytta seg mellom Skaupsjølæger, Hestestauren og søndre Sesjondalen gjennom sommaren. Slik fekk beita kvila til dei kom attende neste gong.

Fønsteliien fortel om det same systemet:

Havnestrækningen Selstjørndalen og Skaupsjøen leiet vi alle aar jeg var med som driftekar for kr.40,00 pr sommer. For dei hamnene som var i det offentlege sitt eiga tilfalt leigeinntektene fattigfolk i Uvdal. Vi flyttet efter en bestemt rute efter som det var godt beite for kuerne, ruten var først søndre Selskjøndalen, Mitselskjøndalen, Skytterboden, Kølven, Skaupsjønuten, Halnekjønholle, Sandvaslægeren, Trættelægeret, Skaupsjøen, Skaupsjøungen, Halneboden, Sleipeosen og tilbake til søndre Selskjørndalen, derfra reiste vi hjem til Uvdal siste dage i august og drev saa nedover Numedal til Kongsberg hvor vi altid beregnet at være ved Krosmes 10. September.

Det kunne vera krangel om beiteplassane sjølv om hamnene var bestilte på førehand. Kan hende namnet Trættelæger seier noko om det?

Nokre av driftekarane hadde kjerringane med seg til fjells. Embret Fekene (Fekjo) frå Hemsedal som for det meste kjøpte dyr i Erdal og på Borgund hadde kona med. Dei låg i Storeskar.

Men best hugsar eg han Halvor Eraker. Han leigde fehamn i Bjordalen inst inne i Nesdalen, på austsida. Kona var med han, og ho mjølka og yste og kinna, og han Halvor kløvja osten og smøret fram fjellet til Breistølen, til køyreveg. Men lauskarane kunne ikkje gjera seg slik nytte av mjølki. Dei mjølka til eige bruk, og elles "gjeldmjølka dei kyrne, i allefall dei som skulle bera tidleg. Uksane var skilde frå kyrne i fjellet og heldt seg mest for seg sjølv, borte frå lægret. (Oskar Nesse)

Det er også sannsynleg at driftekarane samarbeidde med budeiene i arbeidet med å gjeta dyra på fjellet. Desse to variantane av same visa fortel om samkvem mellom budeier og driftehandlarar:

*Kari Drivli de raske kvende
ho gjætte driftir fe utmannsdrengjir.*

eller

*Å, Anne Drivli de djerne kvende
ho gjætte gjeitar fe oustmannsdrengjir
ho gjætte gjeitar so langt mot nor
å der gjeng ' o sullar so eisemo.*

Ei anna visa, *Pao Frostdalsnosi*, fortel kan henda noko om kva driftekarane dreiv på med attåt det å gjeta dyra.

Pao Frostdalsnosi

etter Karl Eldegard (1881-1963), Årdal
Opptak frå 1951 i Fylkesarkivet for Sogn og Fjordane

Folkeleg fri song, roleg

Nedteikna av Elin Grytting des.-02

The image shows a musical score for the song 'Pao Frostdalsnosi'. It consists of five staves of music in a single system, written in a treble clef with a key signature of one flat (B-flat). The melody is simple and folk-like. Below each staff is the corresponding Norwegian lyrics. The lyrics are: 'Pao Fro - st - dals - no - si sat ka - ra - dn tre. Å vid - lan - de der ser me drif - te - fe og ein li - ten hjort. Han Stor - O - la lad - de, han Vetl - O - la skaut. Og stor - e, kvi - te uks - en aot bak - ken laut for ein li - ten hjort.'

*Pao Frostdalsnosi sat karadn tre.
Å vidlande der ser me driftefe og ein liten hjort.*

*Han Stor-Ola ladde og Vetl-Ola skaut.
Og store kvite uksen aot bakken laut, for ein liten hjort.*

Mot salsområda

Siste helga i august kom det store oppbrotet frå Breikvam. Dei kalla det for "fekarhelgi". Den helga var det alltid ruskevær, sa folk. Ei veker tid før fekarshelga kom driftekarane saman til Fekarsfest. Festane vart for det mest haldne på Nystova, og budeiene i området vart sjølvstøtt bedt. Det vart dans og spel og mange slags tevlingar fann stad.

Kan henda var det same helga som hardingane kom opp for å kjøpa hestar av driftene som låg der. For å sikre seg at det var gode dyr, hadde dei tråvprøve på ei slette der, og ei slik prøve vart kalla «skeid» der av Hallingskeid. (Oskar Nesse.)

Visa under er henta frå *Bygdebok for Aurland I* s. 225. Visa handlar om driftekararen sitt liv og arbeid, suter og sorger, gleder og gode dagar i fjellet. Diverre er det berre dei fem siste versa bygdebokforfattaren har fått tak i. Versa beskriv oppbrotet frå sommarbeita og turen mot salsområda. Samstundes kjem driftekarane si lengt til fjellet klart fram.

*Farvel du sommerbolig, farvel du fjellets rand
som været har så trofast mot gutter fra Aurland,
farvel du gråsteinshytte som jeg har hvilt udi,
vi må bort fra dig fløtte, et bedre sted må bli.*

*Vårt kompani vi samler, det hele i en tropp
og den som berer fanen, det er en modig kropp.
Når kommandoen den lyder, og det skal gjøres holdt
så går han på fienden så modig og så stolt.*

*Vår mat vi selv tillaver, som den oss smager best
med velling mølse, fløtegrøt, det bruker vi jo mest.
Søt melk vi har at drikke, så vi ei tørstig går,
så godt kan vi ei leve, om vi oss kjerring får.*

*Lang vei vi har å traske der vi marsjerer frem
de treogtretti mil før vi når til Drammen hen.
Da må du tru at punsjen i strupen ei står fast
og handle må vi gjøre om ikke det går kvast.*


*På fjellets høye tinde, der satte jeg mig ned
og skuet over dalen, der havnet sig vårt fe.
Og deilig blomsterenge, fra dalen stiger frem,
Om jeg skal lenge leve, forglemmer jeg ei dem.*

Frå Breikvam gjekk fyrste dagsreisa med driftene austover mot Sletterust til Nystova. 10-12 dagar tok reisa til Gjøvik. Vegen var lang, og feet vart ofte sårføtt. Dei måtte gå roleg slik at dyra ikkje mista vekt, og dei måtte ha gode hamner å kvila i.

Driftene som kom ned til Hol fylgde slepa vidare over fjellet til Reinsjøen fram til Flatvollen, nær delet mellom Flå og Eggedal. Der hadde dei valet mellom den noverande turistvegen om Tova, austom Dunkeli og Ranten, langs Norefjell og ned til Krødsherad, eller rake vegen fram om Haglebu og Buin ned til Medalen i Eggedal.

No trengte ei drift med kyr og ungdyr lenger tid enn ei hestedrift for å ta seg fram. Difor var dei ikkje i følge. Hestedriftene blei halde saman på den måten at kvar hest hadde grime, frå den gikk ein taugstump som var bunden fast til rompa på hesten framom. Det kunne verta ei lang rekke, hest etter hest, kanskje 30-40 stykke. Når dei var komne so langt at dei nådde ned til Krødsherad, var dei godt temde og vel vant med å gå slik. Derfor gikk det radig framover. En driftekar leidde eller rei første hesten. Unghestane og dei som skulle seljast til livdyr gjekk utan kløv, men slaktegampane hadde kløv med smør, vadmél osv. i korgene, varer som dei skulle selja austpå. Driftekarane kom gjerne ned til sletta på Bjøretangen like før ein søndag dersom det høvde. Så blei det driftestørsøndag, ein av dei store festdagane i året. (Håvard Støvern)

Goe Solheim fra Uvdal reiste med drifter fleire gonger, saman med sogningane Anders Steine og Torstein Hauglum. Dei hadde sommarbeita sine i Stemmerdalen, eller Steinbergdalen, som mange seier i dag, og i byrjinga av september drog dei mot Geilo. Dei handla på gardar i Nore, Veggli, og Rollag, ja, heilt ned til Hokksund. Seinare heldt dei fram til Drammen. Der selde dei resten av hestane. Som regel var dei ikkje ferdige til å dra heimover før bortimot jul. Dei fekarane som hadde lege på grensa mot Hallingdal, jaga stundom like til Modum og Eiker. Dei som hadde lege på Fillefjellet, jaga mot Valdres og Ringerike.



Biletet er frå 1915. Me ser driftehandlar Anfinn Vetti (nr. 3 frå venstre) på farten i Gjøvik. Kven som eig bilen og kven som er med han i bilen, veit me ikkje. På denne tida dreiv han fehandel. (Foto: Fylkesarkivet)

Me kunne fara til Sigdal, til Åmot, til Geithus og til Skotselv. På Eikerstrondi og på Eidsfoss var me ofte. Med hestane heldt me fram utover bygdene, til Hoff, Botne og Våle. Det hende me kom heilt til Holmestrand, Tunsberg og Larvik. Me rekna då på at me hadde fare 100 mil frå Vanylven, fortel Lars K. Loven i boka Bygd og by i Norge.

Driftekarane frå Borgund leverte til Drammen til eit slaktarfirma som heitte Stablum & Andersen. Sauen vart seld *med hud og hår*, dvs. at han vart slakta, vegen og so vart det betalt ein viss pris for kvart kilo kjøt. Med i prisen var både ull, skinn og innmat. (Oskar Nesse)

Anders Ohnstad skriv i Bygd og by i Norge, at nokre hestehandlarar faktisk for så langt som til København, til hestemarknadene der, men hovudmålet for dei fleste var likevel austlandsbygdene, ikkje minst sølvverksbyen Kongsberg der dei kom i slutten av september.

Konflikt med dei fastbuande

På vegen austover hadde driftene frihamner der dyra kunne beite ein dag eller to uten betaling. Driftekarane hadde og hevdvunnen rett til fritt å føre dyra over annan manns eigedom, så sant dei ikkje gjorde skade. Driftetrafikken var i bøndene si interesse og dei ynskte ikkje å setje unødige stengsler for denne trafikken. Likevel kunne det stundom kome til konflikt mellom bønder og driftekarar, noko historia om Helge Medalen i Sigdal syner: *De va mikkji nordmennar søm kom me dreftine sine over ve Medæln. Døm hadde ikkje rett te å dra jennom gardan, døm sku ta te ovom. Men så tok døm sei fram og kom me hestedreftir og krøtterdreftir gjennom gardane lell. Det kunna vara ein 200 fe og 30 - 40 hestar. Detta lika ikkje han Helge.*

Han vart vår ei dreft som kom nordante. Hestane va bønne ihop og kom i ra og rekke. Døm bar kløv mange tå døm. I døm va de varur nordmennane sku selja østpå. De va smør, vømmøl og gvitilar [sengeplagg]. De va helst dei gamle slaktegampane som hadde kløv. Unghestane og dei som sku seljas te liv, hadde ikkje kløv. De va dei seilrigga, krokhasa gamle skøtt-gampane som fekk slite.

Te å hølle kløve på plass hadde døm et uthola tre smetta bakunder rompa på hesten, de vart kalla holestokk.

Denna drefta som kom framover mot husa i Meddæl'n fekk 'n Helge sjå. Da drog 'n inn og fant ein sjinnfell. Denna stellte'n sei te å riste utpå tone. Hestane vart skremt og fór hit og dit. Døm reiv sei laus frå rekka og kløvhestane tok ut. Nokon hadde kjelar i kløva, dessa ramla a og te reddare vart hestane. Døm jorde sei reine før kløv og sal. Ongane i Meddæl'n gråt og ba far sin ikkje å gjøra detta. Da svara 'n Helge: Døm har vøri så kaute dessan nordmennane at døm har godt tå 're!

(Kjelder: Andr. Mørch: Helge og Tor Medalen 1936. I *Under Norefjell*)

I 1600- og 1700-åra var driftetraffikken så stor at den vart til eit problem for gardbrukarane langs dei viktigaste ferdslvegane. Teiknar og kartograf Carpelan, drog i 1820 ein tur til Morgedal: *Det besværligste var at komme forbi de mangfoldige hjerne av Heste, Oxer, Koer, Geder og Faar som nu vandrede tilbake fra Fjeldene. [...] for alle de gårde, hvilke disse store Drifter færdes forbi, er deres Nærværelse høist besværlig og ødeleggende; ofte utbrede de sig paa Engene og nedtrampe den forut svage Græsrod.* (Carpelan 1824)

Det er truleg dei store driftene som gjekk mot Telemark Carpelan meiner. I Nummedal kom dei to sørlegaste Nordmannsslepene saman og same problemet hadde dei truleg der.

Det var ikkje berre mottaksområda som hadde problem med alle dyra som skulle passera. Ved Mjell i Viksdalen kunne det komme opptil åtte drifter om våren. Med eit gjennomsnitt på ca. 120 dyr i kvar drift vert dette nær på 1000 dyr. Var det mogeleg, la driftene vegen over fjellet og gjennom utmark, langt frå gard og grend. Over fjellet kunne driftene beite fritt. Beitet var og fritt i stølsmarka sjølv om stølen kunne liggje kloss opptil bøen på ein gard. Sela blei nytta av driftekarane utan vederlag. Mange stader la eigaren jamvel opp godt med ved til driftekarane før han drog heim om hausten.

Driftetraffikken tidleg om våren kunne vera ei hard belastning for stølsbeita - og for eigaren, som like etter skulle buføre eigne dyr. I 1859 gjorde nokre grunneigarar i Raundalen forsøk på å setje ein stoppar for dette og ville gå til sak. Eit vitne hadde sett ei drift på ca. 100 fe og 10-20 hestar på stølsbøen og graset var heilt nedbeita. Men motargumenta var sterke og stølseigarane vann ikkje fram. Driftehandlarane kunne ikkje reise i all slags ver.

Får driftene uvær på seg må de undertiden vende tilbake til stølsbeitene. Nogen omlegging av ruten kan ikke gjennomføres, ti de har ingen annen vei å reise. (Fridtjov Isachsen)

Hevd stod sterkt i den tida. Ved sal av ein støl i øvre Raundalen i 1745 var det i skøyta teke atterhald om at *hallingdølene, nu som tilforn og fra arrilds tid været haver, skal have deris fri drift og gresning for deres fedrifter.*

Nokre stader måtte driftene nytta heimebeita i sjølve bygda – det var ikkje mogeleg å fara utom eller vidare, som til dømes i Sværen. Driftene hadde difor fri passasje og fri hamn i heimemarka ved bestemte gardar langs driftevegen.

På Staupet i Uvdal fekk grunneigaren betaling for kvart dyr som overnatta. På Hauge ved Opheimsvatnet fekk dei ikkje betaling. Der overnatta driftene i ein inngjerda heimehage som også vart nytta til beite for feet på garden. Folket på Hauge ynskte difor at driftene skulle reise igjen så snart som mogeleg. Numedølene var godt omtykte, for dei låg berre ei natt, men andre kunne komme med mange hestar og verta liggjande i fleire døger. Mønsteret er at austafjells måtte driftene betala, mens vestafjells hadde dei hevd på fritt beite utom innmark. Dette var truleg naudsynt dersom handelen skulle svara seg. Vestlandsbøndene hadde interesse av handelen og driftene fór dessutan fort fram der. Dei fylgde få og bestemte vegar. På austlandet derimot, i salsområda, tok driftene forskjellige vegar, og når dei kom fram, vart dei liggjande lenge. Oppkjøparar skulle ta seg fram til driftene og dyra skulle vurderast før nokon handel kom på tale. Frihamn for driftene var difor ikkje mogeleg her. Driftekarane hadde faste avtalar med grunneigarane på førehand og dei kom som regel att, år etter år.

Marknadsplatsen

I Sigdal- og Eggedalområdet har dei samla inn mykje lokalt stoff om driftehandelen. Det kan difor høve å ta dette området som eit døme på korleis driftehandlarane avhenda dyra når dei nådde salsområda på Austlandet.

Vilkåret for driftehandelen i Sigdal og Eggedal var underproduksjon av liv- og slaktedy. Særleg med omsyn til hest var det alltid mangel på ungdyr. Men også storfeavlens var for liten

til å dekke behovet, særleg i Sigdal etter 1850. Sau og geit var det meir enn rikelig av i området og sauekjøtt og taig var salsvare.

Vestlendingar som kom frå andre sida av nordfjella vart kalla *normenn*. Desse kom med drifter alt på 16- og 1700-talet. Petter Nordmand skyldte til dømes Lars Grus pengar i 1705. Men det er på 1800-talet me finn flest opplysningar om dei vestlandske handelskarane, og då gjennom forlikskommissjonen sine protokollar.

I tidsskriftet *Under Noreffell* nr. 2, 2001, har Andreas Mørch skrive noko om korleis handelen med drifter gjekk føre seg i Sigdal og Eggedal.

Driftehandelen gikk for seg om høsten, ved korsmessleitet 11.-14. september. Men da det var ganske mange drifter som kom ut dalføret her, blei det i tida fra omkr. 10. til omkr. 20. september driftetraffikken gikk for seg. I nedre Sigdal var det dreftestyr, lenger oppover dalen sa de at de "var i drefta", "kjøfte i drefta" eller "handla i drefta". "Ja, denna kjira e kjøft i drefta." "Du hugsar den vesle fjordingen, den han far kjøfte tå normennan?"

I Sigdal- Eggedal var det ikkje nokon offentleg marknadsplass. Her var det dei tre store bymarknadene Kongsberg, Branes i Drammen og Kristiania folk søkte. Branesmarken var først i februar, Kristianiamarken omtrent midt i, og Kongsbergmarken sist i månaden. Driftehandelen i dette området gjekk difor føre seg i fleire inngjerdingar, der driftekarane, mest vestlendingar, nokre få frå Hallingdal, låg over ei natt eller to for å handla. Slike innhegningar og handelsplassar kalla dei for *driftetré*. Dei kom opp etter avtale mellom driftekarane og grunn-eigarane. Driftekarane måtte dele opp driftene i mindre, for det var så små hamner å få leigd ned etter Drammenselva. Ei stor drift kunne være på opptil eit hundre dyr og ei slik drift måtte dei kanskje dele i tre mindre.

Dyra på garden beita i inngjerdingane om sommaren. Det var ikkje alltid så mykje å finna for driftefeet når det kom om hausten. Grunneigaren rådde *treet* og kravde leigepengar av driftekarane. Inngjerdinga var vanlig skigard som grunneigaren skulle halda.

I Eggedal hadde dei tre slike tré som dei kalla for Hallingtréa. Omlag like mange hadde dei i Sigdal. Etter kvart som dei jaga ned dalen kom kjøparane til tréa.

Det var ikkje god skikk å driva dyra etter vegen ein søndag, difor låg dei over og fekk to netter på same staden. Ein slik *driftestyr-søndag* i 1890 er det fortalt om i eit lesarinnlegg i tidsskriftet *Under Noreffell*:

Det brukte å gå ganske urolig for seg ved disse folkesamlingene. Det var flere drifter der og folk ranglet etter vegene hele dagen. [...] Det strømte folk til fra alle kanter, fra Grenskogen, ja til og med fra Lyngdal i Numedal, fra Bingen, fra hele nedre Sigdal, Simostranda på Modum, en del helt fra Krødsherad.

Utpå kvelden blei det dans. Da de ikke fikk danse i tunet på skysstasjonen, dansa de i storvegen. Dette året blei det bare et eneste slagsmål, men året før hadde det vært en annen rusk, skreiv innsenderen. Han meinte det nå burde være slutt med slike sanmenkomster. En mann her fra bygda drukna i elva ved Solumsmoen under en driftestyr i 1850 åra. I driftestyren syntes karene at de kunne drikke uhemmet, og mange gjorde det [...] Disse driftestyr-søndagene ved Solumsmoen hadde ord på seg for å være temmelig bråkete.

Kanskje denne kjende visa av Jakob Sande kan vera eit situasjonsbilete på *bråket* driftene kunne føra med seg:

HESTEHANDLARAR

Tekst: Jakob Sande, noko tilpassa melodien med gjentakingar.

Melodi: Geirr Tveitt.

Ein søg - ne - mann og ein for - her - da hal - ling kom
gjekk det dram i dram med song og tral - ling, for
ein - gong opp i han - del om ein hest. Fyrst
bå - e tenk - te: eg skal to - le mest. Men
før dei var - dest vart det skjell og skal - ling og tol - le - kni - ven
vart mot hæ - len kvæsst, til brått dei stur - ta med ei kald - sleg
ral - ling, før dei fekk bod på sak - ra - ment og prest.

Omsider kom då lensmannen og presten
ja omsider kom då lensmannen og presten.
Men sjølve opphavet til synda, hesten,
kom ingen av dei høge herrar på,
Han stod så from i skuggen utfor stova,
han stod der utfor stova og åt.
Og veifta fly og fluger vekk med rova,
og leska seg med frisk og saftig hå.

I driftstyrperioden var alt sal av øl, vin og brennevin ulovleg, men *gaukehandel* var ikkje uvanleg. Det var *gaukesal* av øl ved ein driftstyr ved Noresund i 1859 og ein slik *gaug* vart teken under ein driftstyr i nærleiken omtrent på same tid. Dei heldt seg godt unna danseplassen med handelen, men det var likevel fort å bli oppdaga.

Livdyrhandelen gjekk føre seg på alle *tréa*. Storfedriftene var ei blanding av liv- og slaktedy. Også på dei tre store by-marknadane var det både livdyrhandel og hestehandel, men folk frå Eggedal og Sigdal heldt seg til driftehandelen når det galdt kjøp av mjølkekyr, oksar og kviger. Også hestehandel gjekk for seg i driftene, men nokre kjøpte seg heller hest på bymarknadene, både i Kristiania og på Kongsberg.

Buskapien i området vart sterkt oppblanda med Vestlandsfe, kjøpt i driftene. Derfor kan ein seie at ulikskapen var det særmerkte for buskapene her. Alle slags fargar var å sjå, kvite og

svarte, raude, brune, grå og gule, det var einsfarga, botete, flekkete, droplete, det var koller og kyr med horn. Slik var det så lenge driftehandlarane leverte livdyr her.

Folk i området kan ikkje minnst at det kom saue- eller geitedrifter til dalen; heller ikkje var det kalvar med, men slaktedyrl frå *remplingar* til ganske store oksar og slaktedyrl.

Fram til omkring 1890 kom vestlendingane med grisedrifter over fjellet på ettersommeren.

Det var magre, minst et år gamle dyr, langbustete og smale som jaktbikkjer, men grådige på maten. I fjellet hadde dei levd på gras og røtter som dei grov fram. Dei var grådige på maten og hōvde godt til å bli gjōdd opp til feite slaktegriser innimot jul.

Erik Solum frå Sigdal, fødd 1853, var i grisehandel med futen i Ådalen. Futen skulle ha seg griseslakt til jul. Erik fann fram ein som ikke ville fylgja flokken, og som han gjerne ville verta av med.

"Denna ska futen ta, denna blir minst sine 30 pund tel jul", sa han Erik.

Nei, hva skal jeg med så stor gris? Vi er bare to, husholdersken min og jeg. Jeg vil ha en kjøttgris som ikke blir stor, svarte futen. *Ja, da kan du itte ta denna,* sa han Erik. Grisen var no kommen inn i flokken igjen, men det varte ikkje lang tid før Erik hadde fanga han inn att og kom dragande med han bort til futen.

Denna ska futen kjøpe, denna blir aldri stor i verden, sa han Erik. -Og så blei det handel.

Ei anna historie fortel om han Gunnar som gjekk og rusla rundt i drifta som låg på Jasom på Nubberud:

Han tok seg god tid og såg vel over det driftekaren bau fram. Han Gunnar skulle ha seg høstslakt. Han samrådte seg med en granne. Han hadde fønni ein ukse som han hadde slekk haug på "Men han e nå stor au, denna," sa grannen, han meinte vel han kunne berge seg med ein mindre. Je tek'n førdet om'n e stor," svara han Gunnar ganske bestemt. Og det blei handel.

Driftekarene hadde ganske stort prutingsmon på kvart dyr, og pruting var ein viktig del av driftehandelen. Ein sjeldan gong selde bygdefolk til driftekarane, eller ein bytte varer, men det var mest direkte handel der driftekarane var seljar og bygdefolk kjøpar, etter atskillig pruting.

Nordmennene som kom med hestar for sal til dei store marknadene på Kongsberg, Bragernes eller Kristiania, hadde med ullplagg, vadmål og ull for sal. Det var heimevirka vare, i konkurranse med teppe frå Hallingdal og Sverige, trøyer av ull og ferdige klesplagg. Eit tilfelle av slik handel er kjent av di det vart forlikskommissjonssak av det. Ole Olsen Lærdalsøren hadde sendt med Lars Thomasen Hundrei ein heimelaga hestesele for sal austpå. Elling J. Snersrud i Krødsherad kjøpte den for 7 spd. omkr. 1859.

Driftekarar som fór i Sigdalsområdet omkring 1830 og utover, var mellom anna: Guttorm og Johan Bergqvam, Lasse J. Berqvam, Ole Larsen Qvam, Sivert Flom, Tomas Bekke, Tosten Frettem, Ola Andersen Fretheim, Bottolv B. Holum, Guttorm Olsen Vesby, Ola Nilsen Ryum, Iver Andersen Wium, Askild Nilsen Flom, Vebjørn Mikkelsen Dalsbotten, Jens og Ola Tærum, Ole P Hylland, Ole Gullvangen, Iver Pedersen Tufte, Asle Olsen Ås, Iver Bakke, Torsten T. Qvale og Ole Torgersen Qvam. Namna finn me i forliksprotokollane. Det var som regel ikkje så store beløp dei hadde å krevja her, frå eit par dalar oppover til 25 - 30 daler.

Folkeliv på marknadsplassen

Med dei store marknadene i byane følgde det med eit fargerikt folkeliv. Eirik O. Paulsen har skrivne om dette i *Fra det bergenske kjøkken*. Truleg gjev denne skildringa frå haustmarknaden i Bergen eit døme på korleis bymarknadene fungerte, kvifor dei kom i stand og kva rolle driftekarane spelte i denne samanhang:

I vår tid kan en jo kjøpe kjøtt til alle årstider og etter behov, men så enkelt var det ikke i det gamle Bergen. Omtrent der hvor Kjøttbasaren på Vetrilidsalmenning ligger nå, hadde slakterne noen skur hvor en kunne få kjøpt litt kjøtt av tvilsom kvalitet, men vel og merke når de hadde noe. For slakterne hadde faste kunder, og når de fikk et dyr til slaktning gikk de først rundt til sine faste kunder og lot dem velge seg ut de deler av beistet de ville ha, og det som da ble igjen av kjøttet ble lagt ut til salg i skurene. Som oftest var ikke dette kjøttet brukende til en anstendig puspas (likner på fårrikål) engang. Nei, ville man ha kjøtt vinteren igjennom, måtte man ordne seg på andre måter.

Ved Mikælitider skulle kjøtthandelen foregå, og Mikkelsdag var dagen for Driften. Den dagen spaserte bergenserne i flokktell gjennom Stadsporten opp til markene på Haukeland og Årstad hvor bøndene hadde samlet krøtteren og gjort dem klare for utstilling. For i det gamle Bergen kjøpte man kjøttet mens det ennå var i live. Først når en hadde valgt seg ut de dyrene man ville ha og trengte, ble de slaktet og bragt i huset. Slik lyder det i den gamle Haukelandsvisen:

*Du Mikkelsdag, du er saa blid,
Du Bringer Kjød til Vintertid!
Og derfor gaar vi alle Mand
I Driften op til Haukeland!*

De gamle bergensere gikk ofte og gjerne på plassertur (av fr. plaisir -fornøyelse, forlystelse). Og Driften var ikke bare en ren forretningsreise, det var også mye fornøyelse - en plassertur utenom det vanlige. Og alle skulle være med. Det var i sannhet en broget forsamling som samlet seg der oppe på Haukeland. Borgerne kom med sine fruer og barn, almuen med familie, bønder fra de fleste bygder rundt Bergen, ja sogar helt fra Østlandet - alle i sine spesielle klesdrakter, korgekåner med kaffe og kaker og snop, byens mange originaler, spillemenn med feler og andre instrumenter med mer eller mindre vellyd, og -klang. Og overalt innimellom denne møljen krøtter av alle slag.

Driften var en eneste stor massepicnic for hele byen. Når alle sammen startet i byen og begav seg oppover Kalfaret var det som de dannet en stor søttendemaiprosesjon. Først pater familias verdig svingende sin spaserstokk, så tett fulgt av sin frue med nistekurv på armen - kanskje med en liten flaske "med støv" omtenksomt medbrakt til patriarken -, og så ungeflokken i hælene deretter.

Og når alle så var vel ankommet Haukelandsmarkene gikk husets herre og frue rundt og tok krøtteren i betraktning. Vurderte dem nøye, prutet, diskuterte kjøttprisene med venner og bekjente; og gjorde til slutt handelen ferdig. I mens svinset ungene rundt og hadde det storartet med venner fra gaten eller venner de ble kjent med deroppe.

Så fant man seg en liten fredelig plett og nistekurven ble åpnet. Gubben kastet frakken, kneppet opp vesten, og familie og venner satt sammen rundt nistekurven og utfoldet seg i all gemyttelighet.

Noen fredelig picnic var det ikke. Der var nesten ikke ørens lyd å få. Spillemennene gnicket på felene, kyrene rautet, sauene breket, unger skrek og gråt, og snøtte mannfolk sjanglet rundt og ville slåss. Dans var der også for dem som likte det og gav blaffen i verdigheten.

*Ja vil du have Sang og Spil,
Og svinge en Småtøs dertil,
Og faa dig herlig Slagt forsand,
Saa gaa i Drift til Haukeland!*

Og så var Driften over for denne gang og folket begynte så smått å tutle nedover igjen til byen. Og prosesjonen med gamle og unge, store og små vandret rolig av gårde. Og så var det bare til å glede seg til neste høst, neste drift, for som visen går:

*I Driften vil vi alle gaa.
Kom gammel, ung, kom store, smaa!
Med Kniver, Bøtter og med Spand
Vi vandrer op til Haukeland!*

En kjøpte altså kjøtt for et helt år av gangen, i de tider. Driften var egentlig Bergens eneste reelle kjøttmarked i gamle dager. Og bønder og byfolk hadde hevd på å bruke inn-, og utmerkene deroppe. For det hadde de gjort i uminnelige tider. Riktignok hørtes visse protester fra grunneierne på at markene deres ble så fritt benyttet, men slikt hjalp lite. Og Driften holdt seg til langt etter 1850.

Ny tid - nye vegar

Driftevegane endra seg i takt med vegutbygging, utvikling av rutebåttrafikk og bygging av Bergensbana. Nye vegar gjorde det tryggare og enklare for driftene å ta seg fram, sjølv om det i kilometer kanskje vart lengre. Frå ca. 1900 tok mange driftekarar dyra om bord i dampbåtar til Aurland eller Lærdal framfor å ta dei over til Vik. Då vart vegen vidare mot høgfjellsbeita lettare og mindre tidkrevjande. Frå Vik, Aurland og Flåm vart det etterkvart vanleg å senda dyra til byane med Bergensbana som opna i 1909.

Slik skildrar Ohnstad det som skjedde i Aurland:

Året 1909 var eit merkeår i Aurland. Det var ikkje berre det at Bergensbana vart opna over høgfjellet, og at ein no kunne koma seg snøgt til Bergen og Oslo, men det verkar og sterkt inn på næringslivet. Før hadde ikkje Bergen kommune kunna teke imot dei store mengdene av mat og levande dyr som om hausten skulle på marknaden. Driftekarane lasta dyri inn på toget og det vart slutt med drivingi etter alle åsar. (Ohnstad 1962: 335).

I dagboka til Erik Fønsteli er det nemnd ein annan grunn til at driftetrafikken gjekk attende. "Årsaken til at denne handel ophørte var at indkjøpsprisene for kuer gik betydelig op, da der i alle bygder i Nordfjord blev opprettet smørmeierier og bønderne av den grund mere lagde seg efter melkeproduktion. [...] melkeproduktionen ble mer lønsom enn oppal av kreaturer som man havde drevet med i lange tider. (Fønsteli 1998: 91 f).

Siste gang det kom fedrift til Mjell i Gaular over fjellet frå Haukedalen var i 1903. Det hadde vore triveleg når driftekarane kom til gards, med fulle skrepper, liv og røre, men 1000 dyr gjennom beita på garden kvar vår, hadde også hatt sin pris.

Det var bra det tok slutt med driftetraffikken, hevda bonden på Mjell. Det hende ikkje ratt sjeldan at driftene smitta buskapan på garden, særleg "hagesykja", ein blodsjukdom (piroplasmose). Seinare vart dei heilt fri for denne sjukdomen på Mjell i Viksdalen.

Utover i 1920 og 30-åri vart det heilt slutt med den gamle formen for driftehandel. Sal av husdyr, til liv eller slakt, tok andre vegar, oftast til Bergen. Sauehandelen heldt seg like til slutten av trettiåra, og nokre hestar kunne av og til fara austover, men etter siste krigen var det heilt slutt.

Då den "nye tida" kom, hadde driftetraffikken sett sine spor i fjella våre. Bokstaveleg tala som djupe renner i terrenget etter dyra som tok seg fram på rad og rekkje. Diverre er spora mange stader i ferd med å forsvinna. Stiane gror att og minna døyrt ut med dei eldste blant oss. Langs ruta finn me mange namn på kartet som vitnar om tida då driftene fór over fjellet. Døme er området kring Målsetvatnet og Hestavollen på Vikafjell, Geitberget og Kyrafjellet på kvar si side av Kvanndalen ved Åmot, Øykjafonn, Sauafjellet og Geitavatnet aust for Uppsete og Dyrhaugane, Bukkeskinnsbotn, Uksebotn, Sauabotn, Hestebotn og Hestfossnuten i området kring Finse.

